



## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 14.12.2016  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 17.00 - 23.30

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 07.12.16 og møtet var kunngjort i pressa 15.11.16.

Kommunestyret starta med spørjetime.

Beate Eknes fekk permisjon frå kl. 21.15.

Av 27 representantar var 27 til stades ved handsaming av sak 110-124 og 133.  
Av 27 representantar var 26 til stades ved handsaming av sak 124-132.

Kommunestyret hadde pause frå kl 18.30 - 19.00, 20.10 - 20.20  
Det vart halde gruppemøte frå kl. 18.05 - 18.10, 19.45 - 19.50, 21.30 - 21.40

To elevar frå Meland kulturskule spelte kvar sitt musikkstykkje på piano.

Kulturrosa 2016 vart delt ut til Audun Haaland og Ronald Øyen.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Øyvind Bratshaug	FrP	Medlem
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Rune Lekven Skår	SP	Medlem

Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Beate Seveline Eknes	V	Medlem
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Morten Klementsén	BF	Medlem
Steinar Erstad	H	Varamedlem
Tor Oscar Maaseide	FrP	Varamedlem

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>
Henriette Fennelly	FrP

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, sektorsjef teknisk Anny Bastesen, rådgjevar pleie og omsorg Helge Kvam, kulturkonsulent Erik Utne, næringsrådgjevar John Fredrik Wallace og økonomisjef Per Inge Olsen.

Protokollfører: Randi Hilland

15. desember 2016

Øyvind H. Oddekalv  
ordfører

Randi Hilland  
Konsulent

Nils Marton Aadland  
varaordfører

## Sakliste

Saknr	Tittel
110/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
111/2016	Godkjenning av møtebok
112/2016	Referatsaker
113/2016	Orientering om status kommunestruktur
114/2016	Søknad om tilskot til Industriutvikling Vest AS
115/2016	Oppdatert økonomiplan 2017-2020
116/2016	Vass- og avlaupsavgifter 2017
117/2016	Feie- og tilsynsgebyr 2017.
118/2016	Slamgebyr 2017
119/2016	Renovasjonsgebyr 2017, reduserte satsar
120/2016	Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2017 (plan- og bygningslov, matrikkellov, eigarseksjonslov, ureiningslov, jordlov mm
121/2016	Eigenbetaling for tenesteyting innan helse- og sosialtenester - nye satsar frå januar 2017
122/2016	Gebyrsatsar kulturskulen og skulefritidsordninga for 2017
123/2016	Norskopplæring for vaksne innvandrara i Meland
124/2016	Budsjett 2017
125/2016	Bibliotekplan for Meland kommune 2017-2020
126/2016	Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 - 2019 - rullering av handlingsplan for 2017
127/2016	Eigarskap og selskapsstyring
128/2016	Delegasjonsreglement for Meland kommune
129/2016	Førebuande fellesnemnd "ny kommune" - mandat
130/2016	Reglement - arbeidsvilkår og godtgjersle for medlemmer av førebuande fellesnemnd
131/2016	Varamedlemmer til førebuande fellesnemnd. Suppleringsval
132/2016	Rådmannsstillinga - utløp av åremål, tilsetjing vidare
133/2016	Satsar for tilskot til barn i private barnehagar 2017

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Hilland		16/2740

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
110/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Kommunestyret - 110/2016

#### KS - behandling:

Ordfører opplyste om at det er sendt ut 1 tilleggssak og bad om at den vart handsama etter sak 114.

#### KS - samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste med 1 tilleggssak og endra rekkefølge på saklista vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		16/2740

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
111/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Godkjenning av møtebok frå møte 09.11.16

### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 09.11.2016

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 09.11.16 vert godkjent.

### Kommunestyret - 111/2016

### KS - behandling:

### KS - samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 09.11.16 vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Hilland		16/2740

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
112/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
112/2016.1	Protokoll fra ekstraordinær generalforsamling i Business Region Bergen AS 09.11.2016
112/2016.2	IUA Bergen region - Protokoll fra styremøte 24.10.2016
112/2016.3	Bergensalliansen har gitt si tilslutning til å etablere eit brannsamarbeid i bergensregionen

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

#### Kommunestyret - 112/2016

#### KS - behandling:

#### KS - samrøystes vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ingvild Hjelmtveit		16/2740

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
113/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Orientering om status kommunestruktur

### Kommunestyret - 113/2016

#### **KS - behandling:**

Ordfører orienterte:

Har hatt 1. møte i Fellesnemnda. Møteplan er sett for våren.

Vil sjå på dei ulike tema som nemnda skal arbeide med.

På konstituerande møte vart Øyvind Oddekvalv vald som leiar og ordfører i Lindås vart vald som nestleiar.

Har lyst ut prosjektleiarressurs som skal lede arbeidet fram mot det formelle stortingsvedtaket er fatta.

Det vart stilt spørsmål om frist for bruk av midlar på 2 mill kr til reguleringsarbeid Sambandet Vest.

Ordfører svara at tiltaket må vere påbegynt innan 2018.

Planlagt eigarmøte i desember vart avlyst grunna at Askøy kommune skal ha saka til politisk handsaming på nyåret.

#### **KS - samrøystes vedtak:**

Orienteringane vert tekne til vitande.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 223	16/1210

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
113/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016
114/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Søknad om tilskot til Industriutvikling Vest AS

### Vedlegg:

Søknad om tilskot - ny inkubatorperiode IUV 2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Industriutvikling Vest AS har sidan mai 2011 drive inkubatorverksemd i Nordhordland. Selskapet har oppnådd gode resultat. Formannskapet fekk i møte 18. mai ein presentasjon av selskapet og dei resultatane dei har nådd til no. Selskapet sendte og ein søknad dagsett 26. april, der dei inviterte Meland kommune til å gå inn med årleg driftstilskot kr 125 000,-. Tilsvarende søknad er sendt Lindås, Austrheim og Radøy. Til no er det Lindås og Austrheim som har bidrege økonomisk, men Austrheim har vedteke å ikkje lenger yte driftstilskot til Industriutvikling Vest AS.

Industriutvikling Vest har siste halvåret jobba i ein prosess mot SIVA SF og andre offentlege aktørar som Fylkeskommune og kommunar for ein ny inkubatorperiode på 5 år frå 2017 til 2021. Grunna usikre økonomiske rammer har rådmann lete søknaden liggje til vi såg korleis vi kom ut i budsjettet for 2017.

Styret i Industriutvikling Vest har store ambisjonar for selskapet dei næraste åra. Meir midlar vert tilført gründerar og eksisterande næringsliv i regionen

#### Vurdering

Fram til og med 2016 har Lindås og Austrheim kommunar bidrege med årlege driftstilskot. I den vidare satsinga inn i ny inkubatorperiode ynskjer styret å få med fleire kommunar. Etter det rådmann har oppfatta så har Austrheim kommune vald å trekkje seg ut. Radøy kommune har gjort vedtak om å yte driftstilskot. Lindås kommune skal også framleis yte tilskot til Industriutvikling Vest AS.

Rådmann meiner det er eit flott resultat Industriutvikling Vest AS kan vise til gjennom den første inkubatorperioden. Regionen treng å ta vare på dei arbeidsplassane vi har. Vi treng og eit miljø der nye arbeidsplassar kan skapast.



I første omgang kan nok 125 000,- pr år i driftstilskot synast mykje. Men sett i lys av arbeidsmarknad-situasjonen i regionen generelt og i Meland spesielt, treng vi den ressursen som industriutvikling vest representerer.

Rådmann er glad for at vi har kunna styrkje administrasjonen med ein næringsrådgjvar i Meland. Men ein person åleine klarer ikkje å skape så mange arbeidsplassar. Likevel, det å ha ein ressurs som kan kople saman ulike fagmiljø og aktuelle nyetablerarar og eksisterande verksemder, gjer at vi kan få mykje ut av stillinga som næringsrådgjevar. Men i tillegg treng vi fagmiljøa som Industriutvikling Vest AS representerer og dei tenestene som vert tilbydd gjennom regionrådet og fylkeskommunen.

Folkehelse – nok tilgang på varierte arbeidsplassar betyr mykje for trivnad og folkehelse  
Miljø – arbeidsplassar knytt opp til der folk bur er positivt for miljøet med omsyn til transportbehov  
Økonomi – på sikt vil auka tal verksemder og arbeidsplassar kunne bety auka skatteinntekter

### **Konklusjon**

Når vi utarbeide framlegg til økonomiplan blei det lagt inn midlar til driftstilskot til Industriutvikling Vest AS. I arbeidet med å saldere budsjettet har desse midlane blitt teke ut. Dersom det er politisk interesse for å støtte tiltaket må vi likevel klare å finne dei midlane som skal til.

### **Framlegg til vedtak:**

Meland kommune yter årleg driftstilskot kr 125 000,- til Industriutvikling Vest AS i den nye inkubasjonsperioden 2017 til og med 2021.

Alternativt framlegg

Meland kommune finn ikkje å kunne yte driftstilskot til Industriutvikling Vest AS med kr 125 000.- pr år. Dette grunna tronge økonomiske rammer.

### **Formannskapet - 113/2016**

#### **FS - behandling:**

#### **Fellesframlegg i møte:**

"Formannskapet er positiv til saka og ber kommunestyret ta stilling til søknaden i samband med driftsbudsjett for 2017 og økonomiplanperioden."

**Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.**

#### **FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

"Formannskapet er positiv til saka og ber kommunestyret ta stilling til søknaden i samband med driftsbudsjett for 2017 og økonomiplanperioden."

**Kommunestyret - 114/2016**

**KS - behandling:**

**Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:**

"Søknaden vert å handsama i samband med revidert budsjett 2017."

**Avrøysting:**

**Framlegget frå Nils marton Aadland vart samrøystes vedteke.**

**KS - samrøystes vedtak:**

"Søknaden vert å handsama i samband med revidert budsjett 2017."

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 145, TI - &37	16/1375

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
102/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016
115/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Oppdatert økonomiplan 2017-2020

### Vedlegg:

Økonomiplan 2017-2020 Meland kommune - Framlegg frå rådmannen, oppdatert 30.10.16

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune hadde økonomiplanen for 2017-2020 oppe til handsaming den 21. sept. 2016 i sak KS 73/2016, og gjorde følgjande vedtak: «Økonomiplanen slik den no ligg føre blir tatt til orientering. Kommunestyret vedtar ein endeleg økonomiplan i samband med budsjettet for 2017»

På basis av oppdaterte opplysningar i statsbudsjettet for 2017 og administrasjonen sitt arbeidet med budsjettet for 2017 legg difor rådmannen fram saka på nytt til handsaming saman med budsjettet for 2017, men som eigen sak.

I økonomiplanen skal ein trekke opp eit langsiktig perspektiv og vurdere dei langsiktige utviklingstrekk som må leggjast til grunn for dei økonomiske prioriteringane som kommunen må gjere. For Meland som vekstkommune er dette spesielt viktig. I det vedlagte framlegg til økonomiplan for perioden 2017 – 2020 ser vi at kommunen har særlege utfordringar i forhold til å snu ein utvikling med stor utgiftauke kombinert med reduksjon i inntekter, mellom anna som følgje av endringar i inntektssystemet.

Forøvrig viser rådmann til det vedlagte økonomiplandokumentet for ytterlegare kommentarar til den økonomiske utviklinga og dei vurderingar og prioriteringar som er gjort.

### Vurdering

Økonomiplanen har konsekvensar for både folkehelse, miljø og økonomi. Disse forhold er utreda i det vedlagte økonomiplandokumentet.

### Konklusjon

Basert på vurderingane som er gjort i økonomiplanarbeidet har ein i vedlagte økonomiplan konkludert med følgjande årlege inntekts- og utgiftsrammer for perioden 2017 – 2020 (alle tal i forventa 2017-prisnivå)

År (tall i mill kr)	2017	2018	2019	2020
Ramme netto inntekter/finans	435,1	448,7	465,3	482,2
Utgiftsramme tenesteområda:	434,5	444,2	460,5	477,5
Avsetn. til fond (overskot):	0,6	4,5	4,8	4,7

Sum auke i utgiftsramme  
i forhold til 2017: 9,7 26,0 43,0

## Vurdering

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

## Konklusjon

### Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner vedlagte økonomiplandokument med følgjande økonomiske rammer for perioden 2017 – 2020 (alle tal i forventa 2017-prisnivå):

År (tall i mill kr)	2017	2018	2019	2020
Ramme netto inntekter/finans	435,1	448,7	465,3	482,2
Utgiftsramme tenesteområda:	434,5	444,2	460,5	477,5
Avsetn. til fond (overskot):	0,6	4,5	4,8	4,7

Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Kommunelova § 44.»

## Formannskapet - 102/2016

### FS - behandling:

### Fellesframlegg i møte:

Verbalpunkt:

"Det vert arbeidd med å etablere ny ungdomsskule i Meland i økonomiplanperioden."

### Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster for, (2 AP, H, SP, KrF, V), 1 røyst mot (FrP), og er såleis vedteke.

Fellesframlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

**FS – framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner vedlagte økonomiplandokument med følgjande økonomiske rammer for perioden 2017 – 2020 (alle tal i forventa 2017-prisnivå):

År (tall i mill kr)	2017	2018	2019	2020
Ramme netto inntekter/finans	435,1	448,7	465,3	482,2
Utgiftsramme tenesteområda:	434,5	444,2	460,5	477,5
Avsetn. til fond (overskot):	0,6	4,5	4,8	4,7

Planen vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Kommuneleva § 44.

Det vert arbeidd med å etablere ny ungdomsskule i Meland i økonomiplanperioden."

**Kommunestyret - 115/2016****KS - behandling:**

**Framlegg til endring i økonomiplanen 2017-2020 i høve formannskapet sitt vedtak frå AP, H, SP, KrF:**

Under område *skule*:

Ny ungdomskule/basseng	2017	2018	2019	2020
Utgreiing/planlegging	500 000			
Bygging		100 mill	150 mill	

Det blir i utgreiinga vurdert framtidig bruk av dagens ungdomsskuleomt.

Under område *kultur*:

Turstiar/lysette turløyper	2017	2018	2019	2020
Planlegging		150 000		
Utarbeiding/bygging			2 mill	2 mill

**Framlegg til vedtak i økonomiplanen 2017-2020 i høve formannskapet sitt vedtak frå H, FrP, KrF, SP og V v/Nils Marton Aadland:**

Kyrkje/kulturhus

2018: Bygging 35 mill. kr.

2019: Bygging 35 mill. kr.

**Framlegg til tillegg frå Asbjørn Larsen, AP:**Kulturhus/bibliotek

	2017	2018	2019	2020
Kulturhus/bibliotek	200 000	5 mill	20 mill	20 mill
planlegging				

**Endringsframlegg i økonomiplan 2017-2020 frå Leif Johnsen, MDG:**

Under område kultur:

Areal til ro- og jolleseglingsanlegg	2017	2018
Planlegging	50 000	
Utarbeiding/bygging		150 000

Under dette ordskifte kom det framlegg frå ordførar om 3 min. taletid. Ingen hadde innvendingar mot det.

**Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 23 røyster for, (AP, H, SP, KrF, V, MDG, BF), 4 røyster mot, (3 FrP, 1 Uavh), og er såleis vedteke.**

**Framlegg til endring i økonomiplanen 2017-2020 frå AP, H, SP, KrF vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til vedtak i økonomiplanen 2017-2020 frå H, FrP, KrF, SP og V fekk 20 røyster for, (H, FrP, Uavh, KrF, SP, V, MDG, BF), 7 røyster mot, (AP), og er såleis vedteke.**

**Framlegg til tillegg frå Asbjørn Larsen fekk 3 røyster for, (AP), 24 røyster mot, (4 AP, H, FrP, Uavh, SP, KrF, V, MDG, BF), og fall.**

**Endringsframlegg frå Leif Johnsen fekk 24 røyster for, (AP, H, FrP, Uavh, SP, V, MDG, BF), 3 røyster mot, (KrF), og er såleis vedteke.**

**Økonomiplan 2017-2020 med endringar og tillegg fekk 26 røyster for, (6 AP, H, FrP, Uavh, SP, KrF, V, MDG, BF), 1 røyst mot, (AP), og er såleis vedteke.**

**KS - vedtak:**

Kommunestyret godkjenner vedlagte økonomiplandokument med følgjande økonomiske rammer for perioden 2017 – 2020 (alle tal i forventa 2017-prisnivå):

År (tall i mill kr)	2017	2018	2019	2020
Ramme netto inntekter/finans	435,1	448,7	465,3	482,2
Utgiftsramme tenesteområda:	434,5	444,2	460,5	477,5
Avsetn. til fond (overskot):	0,6	4,5	4,8	4,7

Det vert arbeidd med å etablere ny ungdomsskule i Meland i økonomiplanperioden."

Under område skule:

Ny ungdomsskule/basseng	2017	2018	2019	2020
Utgreiing/planlegging	500 000			
Bygging		100 mill	150 mill	

Det blir i utgreiinga vurdert framtidig bruk av dagens ungdomsskuletomt.

Under område *kultur*:

<b>Turstiar/lyssette turløyper</b>	2017	2018	2019	2020
Planlegging		150 000		
Utarbeiding/bygging			2 mill	2 mill

Kyrkje/kulturhus

2018: Bygging 35 mill. kr.

2019: Bygging 35 mill. kr.

Under område *kultur*:

Areal til ro- og jolleseglingsanlegg	2017	2018
Planlegging	50 000	
Utarbeiding/bygging		150 000

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - M30, FE - 231	16/2668

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
103/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016
116/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Vass- og avlaupsavgifter 2017

### Vedlegg:

Utvikling normalgebyr  
Kostnadsfordeling vatn  
Kostnadsfordeling avlaup

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Utrekningsgrunnlaget for årsavgiftene er summen av driftsutgifter, avskrivningar av anlegga og kalkulatoriske renter på investeringane. I tiltaksplanen for vatn og avlaup blir investeringsplanen analysert, og tiltaka blir fastsett gjennom årlege vedtak i økonomiplan og investeringsbudsjett.

Tiltaka er prioriterte med målsetting om å sikre alle innbyggjarane i Meland ei stabil og trygg vassforsyning, og hindre ureining frå avlaup. I 2017 startar arbeidet med vassleidning Landsvik – Rossland og avlaupsleidning Holmeknappen – Tveit. I tillegg startar arbeidet med sanering av Rosslandspollen. Det som står att av tiltak for å sikre ei stabil vassforsyning er vassleidning Tveit – Holme og Vollo – Brakstad, vassleidning Litlebergen – Frekhaug og sanering Brakstad. Desse er planlagt starta i 2018 eller seinare.

Det største tiltaket som må gjennomførast i perioden er nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal. Dette anlegget må byggjast fordi dagens kapasitet i Kvernavatnet er blitt for liten, og kvaliteten i den andre råvasskjelda, Storavatnet, er blitt dårlegare. Vi nærmar oss raskt ein situasjon der svært mange innbyggjarar kan bli utan vatn i lengre periodar. Verken auka driftsovervaking eller godt vedlikehald av leidningsnettlet kan hindre dette. Forprosjektet er starta, i tråd med gjeldande budsjettvedtak, og kunnskapen om kva som må til for at innbyggjarane framleis skal vere trygge på drikkevattnet har auka. Kvernavatnet må byttast ut som hovudvasskjelde, Storavatnet må ta over, og det må leggjast nye inntaksleidningar. Reinsegrad og reinsemetode må oppgraderast (til fullreinsanlegg) for å tilfredsstille lov- og forskriftskrav.

Vatn- og avlaupsområdet skal behandlast etter sjølvkost-prinsippet, og kostnadsbiletet må reknast ut så korrekt som mogeleg. I perioden 2010 – 2014 vart inntektene likevel vesentleg høgare enn utgiftene, og det bygde seg opp fond på begge avgiftsområda. Dette skjedde i hovudsak fordi rentenivået var lågare enn venta, nokre investeringar vart skubba fram i tid og driftsnivået vart ikkje heva slik tiltaksplanane tilrådde. For å imøtegå tendensen med veksande fond har årsavgiftene delvis



stått i ro og delvis vore sett ned sidan 2011. Fonda er redusert og innbyggjarane har fått tilbake det dei hadde betalt for mykje.

Administrasjonen tilrår at bruken av gjenstående fondsmildar blir fordelt over dei neste åra slik at dei er brukt opp før 2020. Det vil sikre ei utjamning av avgiftsnivået dei neste åra, med relativt moderat vekst.

Administrasjonen tilrår også at tilknytingsavgifta blir heva frå kr 15 000,- til kr 20 000,-. Den har halde seg på kr 10 000,- i mange år, og vart heva med kr 5 000,- i 2016. Administrasjonen har ikkje fått negative reaksjonar på tilknytingsavgifta. Investeringane er i stor grad knytt til folkeveksten og det er ikkje urimeleg at utbyggingsområda tar ein større del av kostnadsutviklinga.

Sjølvkostmodellen som kommunen nyttar syner med dette ei blansert utvikling av investerings-, drifts- og avgiftsnivået framover.

Utvikling i gebyrnivået 2012 – 2016 og anslag for 2017, vatn:

	2012	2013	2014	2015	2016	Budsj 2017
<b>Vassfond pr 1/1</b>			4 489 813	3 585 703	2 150 142	1 830 642
<b>Bruk av fond</b>			904 110	1 155 326	319 500	423 000
<b>Tal normalabbonentar</b>	2564	2692	2803	2862	2995	3995
<b>Endring frå året før</b>	+147	+128	+111	+59	+133	+100
<b>Innbetalte avgifter i alt</b>	13 411'	13 619'	12 971'	11 480'	12 248'	14 023 000
<b>Åravgifter vatn, normalabb.</b>	4 241,-	4 241,-	4 114,-	3 290,-	3 594,-	3 864,-
<b>Endring</b>	0	0	-3 %	-20 %	+9,2 %	+ 7,5 %

Utvikling i gebyrnivået 2012 – 2016 og anslag for 2017, avlaup:

	2012	2013	2014	2015	2016	Budsj 2017
<b>Avlaupfond pr 1/1</b>			6 392 706	4 304 461	2 978 423	1 888 471
<b>Bruk av fond</b>			2 423 724	1 326 038	1 089 951	410 403
<b>Tal normalabbonentar</b>	1384	1475	1545	1647	1762	1832
<b>Endring frå året før</b>	+115	+91	+70	+102	+115	+70
<b>Innbetalte avgifter i alt</b>	6 263'	5 755'	4 147'	5 281'	5 952'	6 920 000
<b>Åravgifter avlaup, normalabb.</b>	3 263,-	3 263,-	2 349,-	1 980,-	2 958,-	3 063,-
<b>Endring</b>	0	0	-28 %	-15,7 %	+ 49,4 %	+ 3,5 %

### Vurdering

Avgiftsnivået vil framleis vere lågare i 2017 enn i 2013, med den profilen som er foreslått på tilknytingsavgifta og på bruken av fond. Det er søkt å unngå store svingingar i satsane frå eitt år til neste. Det er lagt opp til at fonda skal vere brukt opp innan 2020, samstundes som Meland kan gå inn i ein ny storkommune med ei stabil og trygg vassforsyning og utan problematiske avlaupstilhøve.

Samanlikna med dei andre to kommunane som går inn i storkommune frå 2020, skiljer ikkje Meland seg ut, når tala for 2016 blir samanlikna (gjeld normalabonnement, bustad 90 – 300 m2, prisar utan

mva):

	<b>Årsavgift vatn 2016</b>	<b>Årsavgift avlaup 2016</b>	<b>Sum</b>	<b>Tilknytingsavgift 2016</b>
<b>Radøy</b>	2 851,-	3 958,-	6 809,-	14 700,-
<b>Lindås</b>	2 833,-	3 623,-	6 456,-	10 400,- – 12 700,-
<b>Meland</b>	3 954,-	2 958,-	6 552,-	15 000,-

Folkehelse: Trygg vassforsyning til alle innbyggjarane i kommunen

Miljø: Sanering av avlaupsanlegg hindrer ureining. Saneringa er planlagt i område som enten har gamle løysingar eller er utan offentleg løysing på utslepp.

Økonomi: Budsjettet er sett opp for at vatn- og avlaupsområdet skal gå i balanse

### **Konklusjon**

Administrasjonen rår til at årsavgifta for vatn blir auka med kr 270,- frå kr 3 594,- til kr 3 864,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarande prosentvis endring for andre abonnementstypar.

Administrasjonen rår til at årsavgifta for avlaup blir auka med kr 105,- frå kr 2 958,- til kr 3 063,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarande prosentvis endring for andre abonnementstypar.

Administrasjonen rår til at tilknytingsavgifta vert auka frå kr 15 000,- til kr 20 000,- eks mva for kvar tilknytning.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn blir auka frå kr 3 594,- til kr 3 864,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarande prosentvis endring for andre abonnementstypar.

Årsavgifta for avlaup blir auka frå kr 2 958,- til kr 3 063,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarande prosentvis endring for andre abonnementstypar.

Tilknytingsavgifta vert auka frå kr 15 000,- til kr 20 000,- eks mva for kvar tilknytning.»

### **Formannskapet - 103/2016**

#### **FS - behandling:**

#### **Framlegg til endring frå Sigmund Larsen, FrP:**

"Tilknytingsavgifta vert auka frå kr 15 000,- til kr 25 000,- eks mva for kvar tilknytning."

#### **Avrøysting:**

**1. og 2. avsnitt i rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til endring i 3. avsnitt frå Sigmund Larsen, FrP, fekk 2 røyster for, (FrP, V), og fall.**

**3. avsnitt i rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 5 røyster for, (2 AP, H, SP, KrF), og er såleis vedteke.**

**FS – framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn blir auka frå kr 3 594,- til kr 3 864,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarande prosentvis endring for andre abonnementstypar.

Årsavgifta for avlaup blir auka frå kr 2 958,- til kr 3 063,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarande prosentvis endring for andre abonnementstypar.

Tilknytingsavgifta vert auka frå kr 15 000,- til kr 20 000,- eks mva for kvar tilknytning.»

**Kommunestyret - 116/2016**

**KS - behandling:**

**Framlegg frå Meland FrP v/Sigmund Larsen:**

Endring av tilknytingsavgifta

Meland kommunestyre endrer tilknytningsavgifta fra Kr 15 000 til Kr 25 000.

**Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 21 røyster for, ( 7 AP, 5 H, 3 SP, 3 KrF, 2 MDG, 1 BF), 6 røyster mot, og er såleis vedteke.**

**Framlegget frå Meland FrP fekk 6 røyster for, (3 FrP, 1 Uavh, 2 V), 21 røyster mot, og fall.**

**KS – vedtak (mot 6 røyster):**

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn blir auka frå kr 3 594,- til kr 3 864,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarande prosentvis endring for andre abonnementstypar.

Årsavgifta for avlaup blir auka frå kr 2 958,- til kr 3 063,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarande prosentvis endring for andre abonnementstypar.

Tilknytingsavgifta vert auka frå kr 15 000,- til kr 20 000,- eks mva for kvar tilknytning.»

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 231	16/2651

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
104/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016
117/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Feie- og tilsynsgebyr 2017.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Feietenesta inngår i den felles brannordninga for Lindås og Meland. Avtalen er heimla i brann- og eksplosjonsvernlova § 9. Kommunestyret vedtok i møte 08.02.2012, sak KS-017/12, at fastsetting og innkreving av feie- og tilsynsgebyr skal vere unnateke avtalen med Lindås kommune om brannvernordning. Kommunen må derfor fastsette og kreve inn gebyret og overføre summen til Lindås.

Avgifta må fastsetjast med utgangspunkt i budsjettframlegget for 2017 frå Lindås, der andelen av kostnadene for Meland er stipulert. Summen auka med kr 137 000,- frå 2015 til 2016, og auker med kr 94 000,- frå 2016 til 2017 til kr 1 164 000,-.

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) fastsette 17. desember 2015, ny forskrift om brannførebygging. Forskrifta trådde i kraft 1. januar 2016. Dette inneber at kommunen no må feie og gjennomføre risikobasert tilsyn i alle bustader og hytter / fritidsbustader med fyringsanlegg, jf Forskrift om brannforebygging kap. 4.

Dette har konsekvensar for avgiftsgrunnlaget då også hytter / fritidsbustader no får tilsyn og må betale feieavgift.

I 2016 har Lindås og Meland brannvern kartlagt alle hyttene / fritidsbustadene i dei to kommunane, og kartlagt utfordringar knytt til hytter med vanskeleg tilkomst. Arbeidet held fram i 2017, m.a. skal alle einingane risikokartleggjast for å slå fast feiefrekvensen, tilpassa faktisk bruk. Det er eit omfattande arbeid men feievesenet har som mål å ha full oversikt innan tre år.

Forskriftsendinga inneber at sjølve tenesteområdet (feieing og tilsyn / brannførebygging) blir større, med eit større budjett og større tenesteomfang. Tenesta følgjer sjølvkostprinsippet, og dette ligg til grunn for utrekning av avgiftene. Lindås kommune fastset feieavgifta ut til innbyggjarane direkte i sitt budjett, og ein tilsvarande samla sum for innbyggjarane i Meland. Denne summen skal administrasjonen krevje inn frå innbyggjarane som skal ha feieing, i følgje avtalen med Lindås og Meland brannvern i dag.

## Vurdering

Ved årsskiftet blir den andelen av feiegebyret som skal komme frå Meland avrekna, i tråd med den faktiske aktiviteten. I mange år var den endelege summen noko lågare enn stipulert, og inntektene frå Meland vart høgare enn overføringssummen til Lindås. Det bygde seg derfor opp eit fond, som måtte betalast tilbake til abonnentane. Derfor har feie-avgifta omtrent lagt i ro sidan 2013, og feiegebyret i Meland har såleis vore lågare enn i Lindås. I Lindås var gebyret kr 432,- i 2016, mot kr 390,- i Meland. Det står no att kr 50 055,- på fondet, dette vil bli brukt i 2016.

Når fondet no blir avvikla må feiegebyret for 2017 fullt ut dekke den andelen av Lindås og Meland brannvern sine kostnader som gjeld for Meland, i alt kr 1 164 000,-. I tillegg skal feiegebyret dekke dei administrative kostnadene som Meland har til innkreving av avgiftene (porto, økonomisystem), i alt kr 23 000,-. Administrasjonen vurderer at gebyret framover bør ligge litt over Lindås sitt, for at feiebudsjetten skal gå i null, dersom administrasjonen i Meland skal halde fram med å krevje inn avgiftene. Alternativet er å overføre ansvaret for utrekning og innkreving av feieavgifta til Lindås, utan påslag av administrative kostnader i Meland. Då vil abonnentane i dei to kommunane, som får like tenester, bli behandla likt, og rettferdig i høve til sjølvkostprinsippet.

Utan slik samordning må feiegebyret i Meland aukast til kr 435,- (11,5%). Med samordning og lik behandling av bustader og hytter i dei to kommunane, kan feiegebyret følgje Lindås sitt framlegg og setjast til kr 420,- (auke 7,7%). Feiing av ekstra pipeløp er sjeldan aktuelt, i framlegget er Lindås sitt nivå lagt inn.

På grunn av endringar i byggesaksforskrifta vil ikkje talet på piper i bustadhus auke like mykje som folkeveksten skulle tilseie; det er ikkje lenger påbod om å montere pipe i nye hus. Prognosane tilseier at det kjem i snitt 25 nye piper i året. Meland har ingen tal på kor mange fritidshus dette gjeld.

	2012	2013	2014	2015	2016	Budsj 2017
<b>Tal piper, stk</b>	2271	2353	2372	2397	2421	2446
<b>Endring frå året før, stk</b>	+62	+82	+19	+25	+24	+25
<b>Overføring til Lindås, i alt</b>	809 553,-	853 928,-	840 013,-	934 720,-	1 070 000,-	1 164 000,-
<b>Adm. kostnader Meland</b>	36 000,-	20 000,-	23 000,-	25 000,-	25 000,-	23 000,-
<b>Innbetalte avgifter i alt</b>	846 515,-	904 662,-	921 856,-	947 695,-	958 622,-	1 187 000,-
<b>Gebyr pr pipe</b>	369,-	385,-	385,-	390,-	390,-	420,- evt 435,-
<b>Gebyr pr ekstra pipeløp</b>	125,-	130,-	130,-	130,-	130,-	147,75

Administrasjonen meiner det mest tenlege er at innkreving av gebyret vert overført til Lindås og Meland brannvern, slik at innbyggjarane i Meland slepp å få eit påslag på våre administrative kostnader. Fastsetting av gebyret må likevel gjerast av kommunestyret sjølv (jf brann- og eksplosjonsvernlova § 28), på same måte som for renovasjonsgebyret som NGIR administrerer.

Rådmennene i Lindås og Meland har drøfta samarbeidsavtalen, forskriftsendringa og gebyrnivået saman med brannsjefen.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Ikkje relevant for denne saka

Økonomi: Framlegg til feiegebyr tek utgangspunkt i at inntektene skal dekke det tenesta kostar.

### **Konklusjon**

Feiegebyret blir koordinert med nivået i budsjettframlegget til Lindås og auka frå kr 390,- til kr 420,- pr pipe. Feiing av ekstra pipeløp blir auka til kr 147,75.

Delegasjonsavtalen og samarbeidsavtalen mellom Lindås og Meland om eit felles Lindås og Meland brannvern blir endra slik at også administrasjon og innkreving av avgifta blir overført til Lindås kommune. Dette låg inne i den avtalen som administrasjonen opprinneleg la fram for kommunestyret i 2012, i samråd med administrasjonen i Lindås. Kommunestyret i Meland skal framleis fastsette sjølve feiegebyret.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at feie- og tilsynsgebyret for 2017 vert kr 420,- eks mva pr pipe og kr 147,75 eks mva pr ekstra pipeløp. Administrasjon og innkreving av avgifta blir delegert til Lindås kommune i tråd med brann- og eksplosjonsvernlova § 9.

Kommunestyret sluttar seg til endring av delegasjonsavtalen og samarbeidsavtalen mellom Lindås og Meland i tråd med konklusjonen i saksutgreiinga. Rådmannen legg fram reviderte avtalar for godkjenning, gjerne innan første halvår 2017.»

### **Formannskapet - 104/2016**

#### **FS - behandling:**

#### **FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at feie- og tilsynsgebyret for 2017 vert kr 420,- eks mva pr pipe og kr 147,75 eks mva pr ekstra pipeløp. Administrasjon og innkreving av avgifta blir delegert til Lindås kommune i tråd med brann- og eksplosjonsvernlova § 9.

Kommunestyret sluttar seg til endring av delegasjonsavtalen og samarbeidsavtalen mellom Lindås og Meland i tråd med konklusjonen i saksutgreiinga. Rådmannen legg fram reviderte avtalar for godkjenning, gjerne innan første halvår 2017.»

### **Kommunestyret - 117/2016**

#### **KS - behandling:**

**KS - samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at feie- og tilsynsgebyret for 2017 vert kr 420,- eks mva pr pipe og kr 147,75 eks mva pr ekstra pipeløp. Administrasjon og innkreving av avgifta blir delegert til Lindås kommune i tråd med brann- og eksplosjonsvernlova § 9.

Kommunestyret sluttar seg til endring av delegasjonsavtalen og samarbeidsavtalen mellom Lindås og Meland i tråd med konklusjonen i saksutgreiinga. Rådmannen legg fram reviderte avtalar for godkjenning, gjerne innan første halvår 2017.»

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - M42, FE - 231	16/2655

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
105/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016
118/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Slamgebyr 2017

### Vedlegg:

NGIR sitt forslag til slamgebyr for 2017

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Slamtømmeordninga blir utført av NGIR medan kommunane krev inn gebyret. Styret i NGIR gjorde i møte 10.10.2016 vedtak om å tilrå at slamgebyret vert redusert med kr 16,- (2 %) frå 2016 til 2017. Representantskapet vedtok dei nye satsane samrøystes i møte 31.10.2016.

Gebyrnivået som er tilrådd frå NGIR har vore uendra frå 2010 til 2015, men auka med om lag 8,2 % frå 2015 til 2016. I NGIR sin økonomiplan 2016 – 2019 er det lagt inn ein auke på om lag 6,3 % kvart år.

Kostnadsbiletet har endra seg, i hovudsak på grunn av avtale om ekstern kompostering slik at planlagte investeringar ikkje treng gjennomførast. NGIR vurderer derfor at det er grunnlag for å redusere gebyrnivået sjølv om økonomiplanen deira seier noko anna. Prognosane tilseier at nivået deretter kan haldast stabilt fram til 2020. Bruk av utjamningsfondet er med på å halde nivået stabilt.

På denne bakgrunnen rår styret i NGIR til at gebyr for septikslam for privatpersonar blir redusert frå kr 808,- til kr 792,- i 2017.

Gebyrnivået i Meland har lagt under tilrådinga frå NGIR ein periode. På grunn av at dei samla inntektene frå slamgebyret ei stund var høgare enn kostnadene som NGIR skulle ha dekkja, bygde det seg opp eit kommunalt fond innan slamtømming. Dette fondet er no redusert til kr 106 757,- ved at abonnentane i Meland har fått tilbakebetalt det oppsamla overskotet i form av lågare gebyrsats, over ein periode på tre år. Dette fondet vil gradvis gå i null mot 2020. For 2016 var gebyrsatsen i Meland nesten på nivå med tilrådinga frå NGIR (kr 775,- i staden for kr 808,-)

Talet på abonnentar (bustader) vil sannsynlegvis halde fram med å gå ned, etter kvart som det kommunale avlaupsanlegget blir bygd ut. Talet på fritidseigedomar som går inn i slamtømmeordning vil truleg auke.



For at slamordninga skal vere sjølvfinansiert, må slamgebyret også dekke dei administrative kostnadene som Meland har med innkreving av gebyret (porto, økonomisystem). Dersom summen blir for låg, må den delen av kostnadene som gebyret ikkje dekkjer subsidierast av kommunen.

	2012	2013	2014	2015	2016	Budsj 2017
<b>Tal bustadeigedomar</b>	981	978	975	961	957	955
<b>Endring frå året før</b>	-3	-3	-3	-14	-4	-2
<b>Tal fritidseigedomar</b>	180	190	200	198	205	215
<b>Endring frå året før</b>	+9	+10	+10	-2	+7	+10
<b>Overføring til NGIR</b>	797 236,-	800 971,-	799 069,-	803 398,-	845 000,-	845 000,-
<b>Adm.kostnader Meland</b>	36 000,-	43 000,-	23 000,-	27 000,-	23 000,-	23 000,-
<b>Innbetalte avgifter i alt</b>	903 521,-	794 861,-	699 256,-	534 556,-	818 701,-	845 000,-
<b>Gebyr pr bustadeigedom</b>	843,-	750,-	650,-	500,-	775,-	792,-
<b>Gebyr pr fritidseigedom</b>	422,-	375,-	325,-	250,-	387,-	396,-

### Vurdering

Administrasjonen tilrår at slamgebyret bør følgje tilrådinga frå NGIR framover. På dette området er det framleis eit fond som balansere sjølvkostrekneskapen. Fordi både utgifter og inntekter er basert på anslag, medan den faktiske aktiviteten til slutt avgjer utgifts- og inntektsnivået, vil dekningen av dei administrative kostnadene for Meland kunne balansert av fondet ved årsoppgjæret.

Administrasjonen tilrår derfor at slamgebyret framover følgjer tilrådinga frå NGIR, utan påslag av administrative kostnader i Meland.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Slamtmømmingsordninga for hytter og hushald skal motverke ureining av sjø og grunn i område der det ikkje er kommunale avlaupsanlegg.

Økonomi: Budsjettet er sett opp ut frå at området skal gå i balanse og det kommunale fondet skal byggjast ned mot 2020.

### Konklusjon

Administrasjonen rår til at kommunestyret gjer vedtak om gebyrsatsar slik NGIR ber om og i tråd med Representantskapet sitt vedtak.

### Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at slamgebyret for 2017 vert fastsett i tråd med satsane som NGIR tilrår og som Representantskapet har gjort vedtak om i møte 31.10.2016.»

### **Formannskapet - 105/2016**

#### **FS - behandling:**

#### **FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at slamgebyret for 2017 vert fastsett i tråd med satsane som NGIR tilrår og som Representantskapet har gjort vedtak om i møte 31.10.2016.»

### **Kommunestyret - 118/2016**

#### **KS - behandling:**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at slamgebyret for 2017 vert fastsett i tråd med satsane som NGIR tilrår og som Representantskapet har gjort vedtak om i møte 31.10.2016.»

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FA - M50	16/2654

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
106/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016
119/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Renovasjonsgebyr 2017, reduserte satsar

### Vedlegg:

NGIR sitt forslag til renovasjonsgebyr for 2017

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Styret i NGIR gjorde i møte 10.10.2016 vedtak om å tilrå ein mindre reduksjon av renovasjonsgebyret for 2017 (normalabonnement). Reduksjonen er på kr 32,- for normalabonnement (1,1 %).

Representantskapet vedtok dei nye satsane samrøystes i møte 31.10.2016.

Satsane har vore uendra i perioden 2012 – 2014. Frå 2014 til 2015 auka satsane med 2,9 % og frå 2015 til 2016 auka dei med 4,8 %. I NGIR sin økonomiplan 2016 – 2019 er det lagt inn ein auke på 4,0 % - 4,4 % kvart år.

Kostnadsbiletet har endra seg, i hovudsak på grunn av endringar i store kontraktar. NGIR vurderer derfor at det er grunnlag for å redusere gebyrnivået sjølv om økonomiplanen deira seier noko anna. Prognosane tilseier at renovasjonsgebyret kan haldast stabilt fram til 2020. Bruk av utjamningsfondet er med på å halde nivået stabilt.

### Vurdering

Administrasjonen har ingen merknader til at gebyrsatsane vert redusert i 2017 (normalabonnement). Tenesta vert drive etter sjølvkostprinsippet og går i balanse over tid.

Folkehelse: Ikkje relevant i denne saka

Miljø: Trygg behandling av alle typar avfall er framtidsretta og positivt for miljøet.

Økonomi: Satsane går fram av vedlegget. Meland har ingen kostnader eller arbeid med innkreving av dette gebyret.

### Konklusjon

Administrasjonen rår til at kommunestyret gjer vedtak om gebyrsatsar slik NGIR ber om og i tråd med Representantskapet sitt vedtak.

**Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at renovasjonsgebyret for 2017 vert redusert slik som representantskapet i NGIR har gjort vedtak om i møte 31.10.2016.»

**Formannskapet - 106/2016****FS - behandling:****FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at renovasjonsgebyret for 2017 vert redusert slik som representantskapet i NGIR har gjort vedtak om i møte 31.10.2016.»

**Kommunestyret - 119/2016****KS - behandling:****KS - samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at renovasjonsgebyret for 2017 vert redusert slik som representantskapet i NGIR har gjort vedtak om i møte 31.10.2016.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen	FE - 040, TI - &00	16/2771

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
107/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016
120/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste 2017 (plan- og bygningslov, matrikkellov, eigarseksjonslov, ureiningslov, jordlov mm

### Vedlegg:

Gebyr 2017 plan, byggesak, oppmåling mm

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Gjeldande gebyrmal er felles for Nordhordland, sist revidert i 2015, mellom anna som følgje av lovendringar. Det er ikkje avdekket behov for nye revideringar no.

Kommunane nyttar ikkje alle punkta i regulativet, men teksten og oppbygginga skal vere felles for region Nordhordland. Felles regulativ skal gjere det enklare for dei ulike aktørane innan plan, byggesak og oppmåling å kjenne seg igjen, uavhengig av kva kommune ein vender seg til.

Når det gjeld betalingssatsane, vil dei variere frå kommune til kommune. Nokre veljer å ikkje drive til sjølvkost, medan andre veljer å drive til full sjølvkost innan t.d. byggesak. Modalen kommune har t.d. ikkje saksbehandlingsgebyr. Meland nyttar eigen sjølvkostmodell for å rekne ut grunnlaget best mogeleg.

Rekneskapan for dei siste åra viser følgjande resultat for byggesak, kart og oppmåling og plan (+ tyder at all aktivitet er dekket av gebyr, overskotet går til utjamningsfond):

	2013	2014	2015	Budsj 2016	Hittil 2016
Byggesak	30 493,-	1 476 548,-	1 051 860,-	730 500,-	+245 173,-
Kart og oppmåling	943 323,-	1 859 487,-	1 410 678,-	1 950 300,-	1 287 745,-
Plan	1 590 714,-	1 270 858,-	1 631 957,-	2 515 400,-	1 645 686,-

Rekneskapan for 2015 viser følgjande dekningsgrad i høve til sjølvkostprinsippet:

	Utgifter	Inntekter	Dekningsgrad
Byggesak	4 058 651,-	3 006 791,-	74 %

Kart og oppmåling	2 934 383,-	1 523 705,-	52 %
Plan	2 091 564,-	459 607,-	22 %

### Vurdering

Det er særleg planområdet som ligg under på dekningsgrad. Det skuldast etterslep på saksbehandlingskapasitet og tap av gebyrinntekter. Frå andre halvår 2016 er saksbehandlingskapasiteten styrka og inntektsnivået vil ta seg opp i 2017. Verken kart og oppmåling eller plan kan ikkje drivast til full sjølvkost; kommunen pliktar å ta ansvar for deler av planleggingsarbeidet som private utfører, og drift av kartverket / adressetildeling / matrikkelføring m.v. Innan byggesak er full saksbehandlingskapasitet på plass i 2016 og det har stor tyding for handtering av saksmengden og nivået på gebyrinntektene.

Vaksdal har samanlikna gebyrnivået for kommunane Meland, Lindås, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Om ein reknar snitt av alle gebyr ligg Osterøy på topp i 2016 (100 %), Lindås ligg på 98 %, Meland på 94 %, Radøy på 79 % og Vaksdal på 75 %. Radøy hadde ingen gebyrauke frå 2015 til 2016.

Administrasjonen har i utgangspunktet lagt til grunn ein generell auke på 3 %, som er på nivå med konsumprisindeksen, runda av til næraste 100 kr. For byggesaker er auken noko høgare, på grunn av statlege krav om auka tilsyn. Meland har hatt om lag 1 % tilsyn i byggesaker, på grunn av låg saksbehandlingskapasitet (kravet er 10 %). Etter at tilgangen på personellressursar har betra seg kan tilsynet auke til 5 % eller meir. Kommunal- og regionaldepartementet har varsla om at tilsynsaktiviteten i kommunane må aukast, og at denne aktivitetsauken skal takast over det ordinære byggesaksgebyret. Tilsyn skal i prinsippet vere førebyggjande og heve kvaliteten i utbyggingsprosjekta.

Meland driv oppfølging av ulovlege tiltak i tillegg til forebyggjande tilsyn. Desse sakene har eigne gebyr og dei som driv lovleg blir ikkje belasta med desse kostnadene. Administrasjonen meiner derfor at det er forsvarleg å ikkje heve gebyrsatsane meir enn det 5 % tilsyn tilseier.

For ein ordinær einebustad vil byggesaksgebyret då bli følgjande i 2017: byggesaksgebyr på kr 15 300,- i 2016 blir auka 3 % til kr 15 579,- (før avrunding) i 2017, deretter blir det lagt på ein tilsynsandel som tilsvarar 5 % av sluttsummen. Nytt gebyr blir dermed kr 16 423,-, avrunda til kr 16 400,-.

Gebyrsatsane som er knytt til jordlov, konsesjonslov og eigarseksjonslov er lovfesta og kan ikkje regulast gjennom lokal forskrift. Her subsidierer kommunen arbeidet med sakene. Saksbehandling etter hamnelova er delegert til Bergen og Omland Havnevesen.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Ikkje relevant for denne saka

Økonomi: Gebyrregulativet er rekna ut med sikte på at tenesteområdet gradvis skal gå meir i balanse.

### Konklusjon

Administrasjonen rår til at gebyrregulativet for 2017 blir godkjent i tråd med dei satsane som går fram av vedlegget. Det tilsvarer om lag 3 % generell auke der kommunen har høve til å fastsette gebyra sjølve, med påslag for lovpålagt tilsyn tilsvarande 5 % av totalgebyret på byggesak. Nivået skiljer seg ikkje ut i regionen.

Gebyrregulativet er ei lokal forskrift som skal leggast ut på høyring før kommunestyret gjer endeleg vedtak.

**Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2017, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.»

**Formannskapet - 107/2016**

**FS - behandling:**

**FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2017, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.»

**Kommunestyret - 120/2016**

**KS - behandling:**

**KS - samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner gebyrregulativet for 2017, Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Helge Kvam		16/2835

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
114/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016
121/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Eigenbetaling for tenesteyting innan helse- og sosialtenester - nye satsar frå januar 2017

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Viser til kommunestyret sak 005/10 samt sak 101/10 der ein vedtok prinsipp for fastsetting av eigenbetaling for tenesteyting innan helse- og sosiale tenester. Her vart det mellom anna fatta vedtak om at Meland kommune årleg skal justera satsar og utgiftstak jamfør auke i Grunnbeløp (G), samt at ein i hovudsak skal nytte sjølvkostprinsipp for fastsetting av prisnivå.

Sjølvkost tyder at kommunalt prisnivå på eigenbetaling ikkje er høgare enn kommunen sine egne samla utgifter til aktuell tenesteyting. Sjølvkost vert rekna til ein gjennomsnittleg timeløn inklusiv sosiale utgifter for den tenesteytinga som vert utført pluss administrasjonsutgifter.

Administrasjonsutgifter kan her utgjere inntil 10% av nemnde kostnadsnivå.

Lovgrunnlag er Lov om helse- og omsorgstenester kap. 11 samt [Forskrift om eigenbetaling for kommunale helse- og omsorgstenester](#)

Per 01.05.16 auka grunnbeløp frå kr. 90.068,- til kr. 92.576,-. Dette er ein auke med 2,78 %.

Sist prisendring vart godkjent av kommunestyret sak 134/2015, og tabell nr. 1 og 2 under syner framlegg til prisendring frå 2016 til 2017.

#### Tabell nr. 1

Nr.	Teneste med krav til brukarbetaling	Pris 2016	Pris 2017
1.	Heimehjelp og praktisk bistand. (inntekt inntil 2 G – vert årleg justert via forskrift)	Per time kr. 190,-  Maks per mnd. Kr. 190,-	Per time kr. 190,-  Maks per mnd. Kr. 190,-
2.	Heimehjelp og praktisk bistand (inntekt over 2 G), samt:  Ledsagerteneste Bistand v/handling	2-3 G kr. 314,- 3-4 G kr. 365,- 4-.. G kr. 473,-  Maks per mnd.:	2-3 G kr. 322,- 3-4 G kr. 375,- 4-.. G kr. 486,-  Maks per mnd.:



	BPA v/handling Vaktmesterteneste	2-3 G kr. 916,- 3-4 G kr. 1374,- 4-5 G kr. 1923,- 5-.. G kr. 2471,- Statleg sats	2-3 G kr. 941,- 3-4 G kr. 1412,- 4-5 G kr. 1976,- 5-.. G kr. 2539,- Statleg sats
3.	Kommunal kjøring ved private gjeremål tenestemottakar (vert nytta minimalt og er ikkje eit generelt tilbod)		
4.	Tryggleiksalarm (I-6/2006)	Per mnd. Kr. 437,-	Per mnd. kr. 449,-
5.	Korttidsopphald (justert via forskrift)	Per døgn kr. 150,-	Per døgn kr. 150,-
6.	Dag eller nattopphald	Per dg/n kr. 80,-	Per dg/n kr. 80,-
7.	Maksimalsats for langtidsopphald (per mnd)	Ingen maksimalsats	Ingen maksimalsats
8.	Langtidsopphald Meland sjukeheim	Jfr lov og forskrift	Jfr lov og forskrift
9.	Opphald v/dagsenter – pris per dag	Kr. 33,-	Kr. 34,-
10.	Transport hente/bringe dagsenter	Kr. 33,-	Kr. 34,-
11.	Transport matlevering (I-6/2006) – pris per dag levering	Kr. 23,-	Kr. 24,-
12.	Teknisk hjelpemiddel – korttid (2 år). Gebyr per oppdrag (h/b lokalt lager)	Kr. 127,-	Kr. 130,-

**Tabell nr. 2**

Nr.	Mat produkt	Pris 2016	Pris 2017
13.	Frukost	Kr. 36,-	Kr. 37,-
14.	Middag m/dessert	Kr. 76,-	Kr. 78,-
15.	Graut	Kr. 40,-	Kr. 41,-
16.	Kvelds	Kr. 36,-	Kr. 37,-

### Vurdering

Rådmann vurderer at det er føremålstenleg å justere samla prisauke gjeldande for 2017 for lovpålagte tenester samt for tenester som ikkje er lovpålagt. Syner her til tabell 1 og 2 over. For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.

Rådmann tilrår å vidareføre prinsipp for fastsetting av eigenebetaling jamfør kommunestyret sak 005/10.

Det er naudsynt å understreka at Meland kommune vil halde fram med å sikre lovkrav med omsyn til brukargrupper med lågt inntektsgrunnlag (inntil 2 G). Vidare vil ein sikre brukargrupper med omfattande trong for tenesteyting ved å nytte fastsett utgiftstak per måned. Med andre ord vil tenestemottakarar med omfattande trong for koordinert tenestetilbod få eit prisvern jamfør utgiftstak.

Rådmann har og fullmakt til å vurdere reduksjon/fritak for eigenbetaling i individuelle saker. Dette for å sikre at tenestemottakar har tilstrekkeleg midlar til å dekke sine personlege behov og eventuelt bere sitt ansvar som forsørgjar.

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

### **Konklusjon**

Rådmann rår til at kommunestyret godkjenner nye betalingssettar for 2017 slik dei ligg føre i saksutgreiing.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner nye settar for eigenbetaling gjeldande tenesteyting og matproduksjon innan helse- og sosialetenester frå og med 01.01.2017 jamfør tabell 1 og 2 i saksutgreiing. For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.»

### **Formannskapet - 114/2016**

#### **FS - behandling:**

#### **FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner nye settar for eigenbetaling gjeldande tenesteyting og matproduksjon innan helse- og sosialetenester frå og med 01.01.2017 jamfør tabell 1 og 2 i saksutgreiing. For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.»

### **Kommunestyret - 121/2016**

#### **KS - behandling:**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner nye settar for eigenbetaling gjeldande tenesteyting og matproduksjon innan helse- og sosialetenester frå og med 01.01.2017 jamfør tabell 1 og 2 i saksutgreiing. For aktuelle tenester der ein har forskriftsbestemt sats vert desse endra fortløpande jamfør gjeldande forskrift.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen		16/2837

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
115/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016
122/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Gebyratsar kulturskulen og skulefritidsordninga for 2017

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Gebyratsane for kulturskulen og skulefritidsordninga skulle vore med i sak om budsjettet for 2017, men kom ikkje med i rådmannen sitt budsjettframlegg. Fastsetjing av satsane vert difor fremja som eigen sak. Det vert lagt opp til at satsane auker med den forventa løns- og prisveksten for 2017, som er på 2,5%, sjå tabellen nedanfor.

Følgjande satsar skal gjelde for 2016:

#### Kulturskule

<b>Vårsemester</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>% auke</b>
Instrumentopplæring	1650	1690	2,5 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 237	1 267	2,5 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	825	845	2,5 %
<b>Haut-semester</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>% auke</b>
Instrumentopplæring	1 700	1 745	2,5 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 275	1 309	2,5 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	850	873	2,5 %

#### Skulefritidsordninga

<b>Born i heil plass</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>% auke</b>
Born i heil plass (15-23 timar pr veke)	2 500 pr mnd	2 560 pr mnd	2,5 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 870 pr mnd	1 920 pr mnd	2,5 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	1 245 pr mnd	1 280 pr mnd	2,5 %
<b>Born i halv plass</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>% auke</b>
Born halv plass (7-14 timar pr veke )	1 620 pr mnd	1 660 pr mnd	2,5 %
Søsken nr 2. med 25 % moderasjon	1 120 pr mnd	1 245 pr mnd	2,5 %
Søsken nr 3 med 50 % moderasjon	815 mnd	830 mnd	2,5 %

#### Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling i kulturskolen og skulefritidsordninga frå og med 01.01.2017 jamfør tabell i saksutgreiing over».

**Formannskapet - 115/2016**

**FS - behandling:**

**FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling i kulturskolen og skulefritidsordninga frå og med 01.01.2017 jamfør tabell i saksutgreiing over».

**Kommunestyret - 122/2016**

**KS - behandling:**

**KS - samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner nye satsar for eigenbetaling i kulturskolen og skulefritidsordninga frå og med 01.01.2017 jamfør tabell i saksutgreiing over».

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Arngunna Haga	FA - B03, TI - &73	16/318

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
71/2016	Utval for levekår	PS	08.11.2016
123/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Norskopplæring for vaksne innvandrara i Meland

### Vedlegg:

Norskopplæring for vaksne innvandrara i Meland

### Saksopplysningar:

Bakgrunn

Mållaga i Nordhordland oppmodar alle kommunane i Nordhordland om å gje norskopplæring til vaksne innvandrara på nynorsk. Mållaga ber kommunestyra i regionen gjera vedtak om dette. Brev frå mållaga er vedlagt.

Utval for levekår (ULK) i Meland kommune fatta fylgjande vedtak 08.03.16: «Utval for levekår ynskjer at flyktningar som kjem til kommunen skal få norskopplæring på nynorsk, og at dette vert sett opp som sak til kommunestyret».

Meland kommune kjøper norskundervisning frå læringscenteret i Lindås kommune. Meland kommune har for våren 2016 betalt opplæringscenteret i Lindås i overkant kr 900.000 for norskopplæring. Vi betalar for busette flyktningar i introduksjonsprogram og andre som har rett på norskundervisning. Tilbodet er organisert slik at den enkelte kan byrja i språkopplæring raskt etter at han/ho er busett. For våren 2016 har totalt 52 personar starta i norskundervisning.

Læringscenteret i Lindås tilbyr i dag berre opplæring på bokmål. Det vert opplyst at Læringscenteret i Lindås har ikkje planar om å tilby opplæring på nynorsk. Læringscenteret i Lindås vil difor ikkje tilby opplæring på nynorsk sjølv om Meland kommune skulle fatte vedtak om dette. Meland kommune har fram til no ikkje tatt stilling til om språkopplæring for busette flyktningar/innvandrara skal verta gjeve på nynorsk eller bokmål då Opplæringscenteret på Lindås berre har tilbod om bokmål.

Det er ikkje utarbeidd ei detaljert kostnads kalkyle for kva et vil koste Meland kommune å gjennomføre opplæring i norsk sjølv.

### Vurdering:

Læringscenteret i Lindås legg vekt på at det er få lærebøker og særse lite undervisningsmateriell på nynorsk. Opplæring på nynorsk vil krevje at ein utarbeider eige materiell. Manglande

undervisningsmateriell på nynorsk gjer at ein i mindre grad kan tilpassa undervisninga på nivå og med ulik trong for tilrettelegging. Ordbøkene som deltakarane nyttar (somalisk, tigrinja, thai osv) er berre på bokmål. I tillegg nyttar deltakarar Google translate der nynorsk ikkje er eit alternativ.

For vaksne som kjem her til landet er norsk andre eller tredje språk. Når ein kjem som vaksen er det naturleg å velje den målforma dei fleste nyttar. Av vaksne innvandrarar har 1,5% opplæring på nynorsk. Mållaga peikar på at det er viktig at vaksne kan hjelpa born med lekser. Når det gjeld språkopplæring, er vår røynsle at born generelt lærer språket fortare enn vaksne og at det er born som hjelper vaksne og ikkje omvendt. I tillegg vel mange born bokmål på skulen.

Det at kommunar i Nordhordland kjøper norskopplæring på Læringscenteret i Lindås gjer at «elevgruppa» er så stor at det mogeleg å plassera den enkelte deltakar inn i høvelege grupper som er meir einsarta med tanke på nivå og progresjon enn om kvar kommune skulle organisere sitt eige norskopplæringstilbod.

Dersom Meland kommune skulle fatta vedtak om at busette flyktningar og andre som kommunen betalar norskundervisning for skal ha nynorsk som opplæringspråk, må kommunen etablere norskopplæring sjølv. Kommunen må då organisere eit eige tilbod med eigne lærekrefter, lokale og utvikla undervisningsmateriell.

Rådmannen vurderer at det vert for dyrt å etablere eit eige opplæringstilbod i norsk. I tillegg vurderer Rådmannen at det vil vera vanskeleg å sikre god nok nivådeling i språkopplæringa der den enkelte skal få opplæring på nivået sitt og ynskja progresjon.

Folkehelse – ingen merknad  
Miljø – ingen merknad  
Økonomi – sjå saksutgreiing

### **Konklusjon**

Rådmannen vurderer at det vert for dyrt å etablere eit eige opplæringstilbod i norsk. I tillegg vurderer Rådmannen at det vil vera vanskeleg å sikre god nok språkopplæringa der den enkelte skal få opplæring på nivået sitt både med omsyn til gruppe og progresjon.

### **Framlegg til vedtak:**

Meland kommune vil ikkje etablere eigen språkopplæring i Meland kommune no.

### **Utval for levekår - 71/2016**

#### **ULK - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak i møtet frå Stian Lavik (Krf):**

«Saka vert utsett til 1.møte i Utval for levekår våren 2017.»

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**ULK - samrøystes vedtak:**

«Saka vert utsett til 1.møte i Utval for levekår våren 2017.»

**Kommunestyret - 123/2016**

**KS - behandling:**

**Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:**

Saka blir utsett til den er handsama i ULK.

**Utsetjingsframlegget frå Nils Marton Aadland fekk 26 røyster for, (H, AP, 2 FrP, 1 Uavh, SP, KrF, V, MDG, BF), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.**

**KS - samrøystes vedtak:**

Saka blir utsett til den er handsama i ULK.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Per Inge Olsen	FE - 150	16/2650

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
108/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016
124/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Budsjett 2017

### Vedlegg:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2017 - oppdatert 18.11.2016

Økonomiske oversikter budsj 2017

Private reguleringsplanar 2. halvår 2016 rapport

Planar og utgreiingar 2. halvår 2016

Kostnad ved opning av fleire pasientrom Meland sjukeheim

Budsjett 2017 - Meland ungdomsråd

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - uttale til budsjett

Eldrerådet - Framlegg til budsjett 2017

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Rådmann sitt framlegg til budsjett med kommentarar er lagt ved saksutgreiinga som vedlegg.

Dokumentet som vart utsendt på E-post 1. november (framlegg per 30. okt 2016), er oppdatert med ein mindre korleksjon i framlegget til vedtak på side 53. Det er elles ingen endring i innhaldet.

Vedlagt budsjettkommentaren er økonomiske oversikter for budsjett 2017. Tall for sjølvkostrekneskapa er oppdatert i forhold til framlegget utsendt 1. november i desse oversiktene, og liste over investeringsprosjekt er komme med. Det er endringar i einskildpostar i oppsettet, men ikkje i total budsjettet avsetning til disposisjonsfond (overskot) for kommunen.

På formannskapet sitt budsjettseminar på Sotra 10. og 11. november kom det fram ønske om tilleggsinformasjon til rådmannen sitt budsjettframlegg (kommentar) på nokre punkt.

1. Kostnader med riving av bassenget på Sagstad skule.  
Formannskapet uttrykte ynskje om å rive bassenget samstundes som utbygginga ved skulen pågår, slik at ein frigjer areal. Dette er førebels ikkje med i utbyggingsprosjektet. Det er vanskeleg på kort varsel å få fram eit godt estimat på kva det vil koste å rive bassenget. Rådmannen vil i staden utgreie saka nærare, og så leggje fram eigen sak om dette tiltaket etter nyttår.



2. Kommunen sine totale kostnader til drift av kyrkja, kyrkjeleg fellesråd og gravplassane. Kommunen yter tilskot og gjev tenester til kyrkja på følgjande vis:

Tilskot til kyrkjeleg fellesråd:	kr 3.500.000,-
Løn og driftskostnad til drift av kyrkjegardar	kr 850.000,-
Berekena verdi av tenester levert til kyrkjeleg fellesråd, men budsjettet på diverse postar hjå Meland kommune :	kr 150.000,-
Tenesteleveransar kyrkjegardsdrifta, kalkulert	kr 100.000,-
Sum kostnader til kyrkje, kyrkjekontor og kyrkjegardar:	kr 4.600.000,-

Tenester levert til fellesrådet er først og fremst relatert til IKT- og telefoni.

3. Interkommunale tiltak:

Formannskapet etterspurde liste over alle interkommunale tiltak som ligg i budsjettet for 2017. Desse er:

TO	Tenesteområde	Budsj. 2017	Selskap / type Samarbeid
10	Politikk/Rådmannskontor	50 000	Interkommunalt sivilforsvarsarbeid
10	Politikk/Rådmannskontor	95 000	Interkommunal innkjøpsordning Bergen kommune
10	Politikk/Rådmannskontor	915 000	Nordhordland Revisjon IKS
10	Politikk/Rådmannskontor	330 000	Interkommunalt Arkiv Hordaland
10	Politikk/Rådmannskontor	1 200 000	Nordhordland Utviklingsselskap / Regionrådet -Diverse
11	Økonomikontor	1 350 000	Nordhordland Kemnerkontor
13	IKT og andre Interkomm. samarbeid	4 124 000	IKTNH - IKT Nordhordland
13	IKT og andre Interkomm. samarbeid	1 017 000	IKT-Strategi - Regionrådet
13	IKT og andre Interkomm. samarbeid	77 000	Bergen IUA (Interkommunalt utvalg mot akutt forurensning)
13	IKT og andre Interkomm. samarbeid	6 350 000	Lindås og Meland Brannvern kr 6.350.000,-, Brannforebygging kr 650.000,-.
13	IKT og andre Interkomm. samarbeid	650 000	Nordhordland og Gulen Interkomm. Branntilsyn
14	Rådgjevartenesta ekskl. private barneh.	360 000	Bergen kommune - Krisesenter
14	Rådgjevartenesta ekskl. private barneh.	220 000	Ungdomskontakten "Salto"
14	Rådgjevartenesta ekskl. private barneh.	92 000	Nordhordland Kursregion
30	Helse	176 000	Miljøretta Helsevern - Felles stilling med Lindås kommune
30	Helse	5 180 000	Interkommunal legevakt
35	Sosiale tenester	2 000 000	Vaksenopplæringstenester Flyktningar
50	Kulturkontor	25 000	Felles Bibliotekdrift med Lindås kommune, netto oppgjør
60	PUK - Plan, Utbygging, komm.teknikk	200 000	Nordhordland Digitalt - samarbeid innan Kart og Oppmåling
60	PUK - Plan, Utbygging, komm.teknikk	50 000	Kontingent DIHVA IKS - Kompetansesenter for vann- og avløpstjenester
60	PUK - Plan, Utbygging, komm.teknikk	550 000	NGIR AS - Kjøp av slamavskillingstenester
60	PUK - Plan, Utbygging, komm.teknikk	845 000	NGIR AS - Transport og handsaming av slam frå hus og hytter
60	PUK - Plan, Utbygging, komm.teknikk	1 164 000	Feietenester frå Lindås og Meland Brannvern
	Sum interkommunale tiltak Budsj. 2017	27 020 000	

4. Startlån

Kommunen har dei siste åra motteke ekstraordinære nedbetalingar eller refinansieringar av startlån som per 31.12.2015 utgjør kr 13,5 mill. I 2016 har vi motteke slik refinansiering med i overkant av kr 4,0 mill., slik at saldo vedr. refinansiering per i dag er kr 17,5 mill. Summen bør nyttast til nedbetaling av kommunen sin gjeld til Husbanken, men kan også nyttast til vidareutlån under spesielle vilkår.

Kommunen har i 2016 teke opp kr 6,0 mill. i lån i Husbanken for vidareutlån som startlån. Kommunen hadde per 31.12.2015 kr 6,5 mill. i ubrukne startlånsmidlar frå tidlegare år. Kommunen hadde dermed i 2016 kr 12,5 mill. tilgjengeleg som nyttast til vidareutlån i 2016.

I 2016 er det så langt lånt ut kr 6,2 mill., og ubrukne midlar er dermed kr 6,3 mill. som kan brukast i løpet av resten av 2016 eller kjem i tillegg til kr 6,0 mill. for 2017 som er budsjettet som startlån.

5. Opning av fleire rom ved Meland Sjukeheim

Formannskapet bad rådmann sjekke kva det ville koste å opne fleire rom ved Meland Sjukeheim.

I vedlagte notat av 16. nov. 2016 konkluderer leiar ved sjukemeimen Randi Minde med at dersom ein skal opne fleire rom er det trong for auka bemanning både på kveld og natt, noko som vil krevje ei auke på 6 årsverk til ein årleg kostnad på kr 3,9 mill. Det vil i hovudsak vere det same om ein med denne bemanningsauken aukar kapasiteten med eitt eller fire rom.

6. Tilskot til private barnehagar 2017

Grunnlaget for berekning av tilskot til private barnehagar er rekneskap i den kommunale barnehagen 2 år før budsjettåret (2015), oppjustert med kommunal deflator til 2017-prisnivå.

I tillegg skal vi i berekninga ta omsyn til kapitaltilskotssatsar og satsar for maksimum foreldrebetaling som departementet fastsetter. I berekning av minimum tilskotssatsar i 2017 for Meland kommune er det gjort to feil som gjer at minimumssatsane er fastsett for høgt.

- a. Kommunal deflator for 2016 er i statsbudsjettet for 2017 justert ned frå 2,7% til 2,6%.  
For 2017 er deflatoren 2,5%. Vi hadde ikkje fått med oss endring i deflatoren for 2016.
- b. Satsane for foreldrebetaling per barn er auka frå kr 29.205,- i 2016 til kr 30.030,- i 2017. Endringa kom 13. oktober publisert på nettsida til Utdanningsdirektoratet (Udir).  
Vi hadde ikkje fått med oss endringa når satsane vart rekna ut.

Begge punkta over gjer at satsane vert lågare enn kva vi har rekna med i budsjettframlegget og kva som er lagt til grunn i vedtak om satsar for 2017 i sak 99/2016 i Kommunestyret 9. nov. 2016. Dette medfører følgjande endringar i satsane (minimumsberekening) for driftstilskot per barn:

	Sats i budsjettet og sak 99/2016	Korrigerede satsar:
Små barn 0-2 år:	kr 180.108,-	kr 178.950,-
Store barn 3 – 6 år:	kr 85.702,-	kr 84.600,-

Om ein legg korrigerede minimumssatsar til grunn i budsjettet for 2017 vert tilskotssatsane totalt kr 650.000,- lågare enn i rådmannen sitt framlegg basert på same berekna barnetal som i budsjettframlegget.

Kommunestyret må avgjere om dei vil endre vedtaket i sak 99/2017 og redusere tilskotsbeløpet i budsjettframlegget til minimumssatsane eller oppretthalde vedtaket om satsar.

7. Investeringsprosjekt 2016 som kan verte overført til 2017

Det er ofte noko usikkert kva status vert på investeringsprosjekt ved utgangen av året. Dersom det er prosjekt budsjettert i 2016, som ikkje er ferdige og må overførast til 2017, vil rådmannen gjere dette på nyåret når prosjektstatus per 31.12.2016 er avklart. På forespurnad frå formannskapet har administrasjonen i tabellen nedanfor oppsummert status på prosjekt budsjettert i 2016 som så langt ser ut til å kunne helt eller delvis bli overført til 2017.

### Investeringar som kan verte overført frå 2016 til 2017, og som ikkje er inkl. i budsj. 2017

NR	Prosjekt	Kommentar	Tal i 1000 kr		
			Budsjett 2016	Påløpt per 31.10.2016	Mulig overf. til 2017
258	Ventilasjon symjehall Rossland skule	Prosjektet vil gå inn i 2017	-	225	?
259	Vestbygd skule - ombygging	Prosjektet vil gå inn i 2017	375	79	?
577	Brannvarslingsanlegg Kyrkja	Prosjektet vil gå inn i 2017	387	-	387
579	Nytt varmeanlegg og kabelnett til kyrkja	Prosjektet vil gå inn i 2017	375	-	375
578	Kjøp av Sentrumsareal	Prosjektet trolig ferdig i 2016, men kan inn i 2017	3 500	-	?
600	Vassleiding Ådlandsvågen-Landsvik	Liten sum må overførast til opprydding/grunneigarerstatning	9 186	7 939	?
603	Vassleidning Fløksand - Beitingen	Liten sum må overførast til opprydding/grunneigarerstatning	11 875	7 849	?
654	VA-kryssing E39	Venter på Statens vegvesen	1 500	364	?
663	Separering Grønlandsområdet	Prosjektet vil gå inn i 2017	11 415	6 608	?

Listen inkluderer ikkje prosjekter som allerede er budsjettet i 2017

#### 8. Flyktingefondet

Meland kommune har per 31.12.2015 ubrukte fondsmidlar til flykningetiltak på kr 9,1 mill. I 2016 har vi så langt motteke kr 10,0 mill i nye tilskot knytt til flykningeaktiviteten. Utgiftene er om lag dei same, slik at fondet per i dag er som ved inngangen av året. Det er likevel ein del transaksjonar vi normalt gjer i årsoppgjeret som kan påverke denne balansen.

Rådmann gjer ikkje endringar i budsjettframlegget som følgje av informasjonen i oppsummeringa over, og framlegg til vedtak vert difor som på side 53 i budsjettframlegget.

#### Framlegg til vedtak:

«1. Framlegget til budsjett for 2017 vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.

2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2017 i samsvar med de vedlagte økonomiske oversikter slik:

- Sum driftsinntekter kr 547,5 mill.
- Sum driftsutgifter kr 548,2 mill.
- Netto driftsresultat minus kr 0,6 mill.
- Avsetning til disposisjonsfond kr 0,63 mill.
- Netto driftsramme (utgifter) for alle tenesteområda ihht. budsjettskjema 1B kr 441,6 mill.

3. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2017. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2017.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2017. Eigedomsskatten for 2017 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

4. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med

dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2017. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2017.

5. Framlegg til brutto investeringar i 2017 er totalt kr 152,963 mill. Av dette kr 100,063 mill. til ordinære driftsmidlar medan kr 52,9 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2017 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar	kr 135,35 mill.
Mva-refusjon	kr 14,713 mill.
Mottak av avdrag på utlån	kr 1,6 mill. (startlån)
Bruk av avsetningar (kap.fond)	kr 1,3 mill.

Av investeringsbeløpet vert kr 6,0 mill. sett av til vidareutlån av startlån og eigenkapitalinnskot i KLP vert budsjettert med kr 900.000,-.»

## **Formannskapet - 108/2016**

### **FS - behandling:**

### **Tilleggsframlegg i møte:**

"Ein vil arbeide fram mot kommunestyremøtet 14.12. med å finne løysingar på t.d. drift av dagsenteret i feriar."

### **Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggframlegg i møtet vart samrøystes vedteke.**

### **FS - samrøystes vedtak:**

«1. Framlegget til budsjett for 2017 vert lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.

2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2017 i samsvar med de vedlagte økonomiske oversikter slik:

- Sum driftsinntekter kr 547,5 mill.
- Sum driftsutgifter kr 548,2 mill.
- Netto driftsresultat minus kr 0,6 mill.
- Avsetning til disposisjonsfond kr 0,63 mill.
- Netto driftsramme (utgifter) for alle tenesteområda ihht. budsjettskjema 1B kr 441,6 mill.

3. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2017. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2017.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2017. Eigedomsskatten for 2017 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

4.Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2017. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2017.

5. Framlegg til brutto investeringar i 2017 er totalt kr 152,963 mill. Av dette kr 100,063 mill. til ordinære driftsmidlar medan kr 52,9 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via

sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2017 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar kr 135,35 mill.

Mva-refusjon kr 14,713 mill.

Mottak av avdrag på utlån kr 1,6 mill. (startlån)

Bruk av avsetningar (kap.fond) kr 1,3 mill.

Av investeringsbeløpet vert kr 6,0 mill. sett av til vidareutlån av startlån og eigenkapitalinnskot i KLP vert budsjettert med kr 900.000,-.

Ein vil arbeide fram mot kommunestyremøtet 14.12. med å finne løysingar på t.d. drift av dagsenteret i feriar.»

## **Kommunestyret - 124/2016**

### **KS - behandling:**

### **Framlegg til endring i budsjettet for 2017 i høve formannskapet sitt vedtak frå AP, H, SP og KrF:**

#### **Driftsbudsjettet (+ 630 000):**

1. + kr 110 000 Dagtilbodet til heimebuande eldre, ferieopning.
2. + kr 50 000 Ferievikarar på sjukeheimen (sommarjobb for ungdom).
3. + kr 345 000 Heimetenesta. Støttekontakt og avlasting.
4. + kr 125 000 Kulturskulen. Auka dirigentressurs, Sagstad skulekorps.

Tiltaka vert finansiert ved å redusere driftsoverskotet tilsvarande (avsetjing til disposisjonsfond) (- 630 000).

#### **Tiltak finansiert av midlar frå disposisjonsfondet:**

1. Rådmannen får fullmakt til å disponere inntil kr 1 mill. av disposisjonsfondet til innkjøp av utstyr og til kompetanseheving innan feltet *omsorgsteknologi/kvardagsrehabilitering*.

Rådmanen skal gi melding til formannskapet om bruken av desse midlane innan 1.7.2017.

2. Midlar frå disposisjonsfondet blir nytta til *forskottering av undergang/trafikksikring i Holmekrysset*, kr 3 mill.

3. Ny ungdomsskule/basseng - planlegging (konsekvens av økonomiplanen) + 250 000.

#### **Verbalpunkt:**

##### **1. Lærlingar**

Kommunestyret ønskjer ei sterkare satsing på Meland kommune som lærebedrift.

Rådmannen blir beden om å vurdere ei alternativ organisering der ansvaret for lærlingeordninga blir ivare tatt av sentraladministrasjonen.

##### **2. Arena for språktrening**

Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein modell der organisasjonen Meland kommune tar større ansvar for språktrening.

##### **3. Industriutvikling Vest AS**

Søknaden vert å handsama i samband med revidert budsjett 2017.

##### **4. Meland sjukeheim**

Kommunestyret ønskjer å ta i bruk fleire senger ved Meland sjukeheim. Ein vil komme tilbake til dette i revidert budsjett 2017.

#### **Framlegg til vedtak frå H, FrP, V, SP, KrF, v/Nils Marton Aadland:**

##### **Investeringsbudsjettet:**

Utgreiing/planlegging kyrkje/kulturhus kr 300 000.

Finasiering: Bruk av disposisjonsfondet.

#### **Framlegg til vedtak frå FrP v/Sigmund Larsen:**

Meland kommunestyre bevilger Kr 450 000 til utbedringer/opprensning av Mjåtveittjørna og veilys i Mjåtveitflaten næringsområdet.

Pengene foreslås brukt på følgende aktiviteter.

– Rense opp i selve tjørna ved at en fjerner "flytende" myr/gjord øyer langs de naturlige kantene rundt tjørna.

– Lage gangsti rundt tjørna for ferdsel.

– Veilys i område.

#### **Framlegg til vedtak frå Meland FrP v/Sigmund Larsen:**

Meland kommunestyre bevilger kr 300 000 til å starte planprosessen med å realisere kirke/kulturhus på Frekhaug.

**Tilleggsforslag til administrasjonen sitt forslag til vedtak frå Karina Garnes Reigstad, MDG:**

5. Administrasjonen vurderer konsekvensane av for lite kapasitet til å handsame miljø i alle saker og orienterer kommunestyret om dette.

6. Ved neste utviding av administrasjonen skal kompetanse på miljø og klima vektleggast.

**Endring i Investeringer frå Sigmund Larsen, FrP:**

Meland FrP foreslår derfor at vi reduserer investeringene med netto Kr 18 800 mill.

Investeringsområde

Forslag-ADM

Endring

Drift stasjon

5 500

-5 500

Prosjektering ny barnehage Frekhaug

250

-250

Utlegebustader for vanskelegstilte

10 000

-10000

Balkong omsorgsbustader Meland rådhus

700

-700

Omsorgsbustader med heldøgns tilsyn

3 100

-3 100

Ny Kirke/Kulturhus -Planprosess

0

+300

Utbedring av Mjåtveittjørna og veilys på næringsområde

0

+450

Sum endringer i investeringsbudsjettet

19 550

-18 800

Det betyr at i forhold til adm. sitt forslag til investeringer så er nedtrekket på Kr 18 800 mill.

**Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til vedtak frå AP, H, SP, KrF fekk 22 røyster for, (AP, H, SP, KrF, V, MDG, BF), 4 røyster mot, (3 FrP, 1 Uavh), og er såleis vedteke.**

**Tilleggsframlegget frå Karina Garnes Reigstad fekk 8 røyster for, (2 MDG, 1 V, 3 FrP, 1 Uavh, 1 BF), 18 røyster mot, (AP, H, SP, KrF), og fall.**

**Framlegg til vedtak frå H, FrP, V, SP, KrF, (kyrkje/kulturhus) fekk 19 røyster for (H, FrP, Uavh, SP, KrF, V, MDG, BF), 7 røyster mot, (AP), og er såleis vedteke.**

**Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen (Mjåtveittjørna) fekk 17 røyster for, (5 H, 3 FrP, 3 SP, 3 KrF, 2 MDG, 1 V) , 9 røyster mot, (7 AP, 1 Uavh, 1 BF), og er såleis vedteke.**

**Endringsframlegg frå Sigmund Larsen (investeringar) fekk 4 røyster for, (3 FrP, 1 Uavh), 22 røyster mot, (AP, H, SP, KrF, V, MDG, BF), og fall.**  
**Formannskapet sitt framlegg med endringar og tillegg vart samrøystes vedteke.**

**KS - samrøystes vedtak:**

«1. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2017 i samsvar med de vedlagte økonomiske oversikter slik:

- Sum driftsinntekter kr 547,5 mill.
- Sum driftsutgifter kr 548,2 mill.
- Netto driftsresultat minus kr 0,6 mill.
- Avsetning til disposisjonsfond kr 0,63 mill.
- Netto driftsramme (utgifter) for alle tenesteområda ihht. budsjettskjema 1B kr 441,6 mill.

2. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2017. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2017.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2017. Eigedomsskatten for 2017 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

3. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2017. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2017.

4. Framlegg til brutto investeringar i 2017 er totalt kr 152,963 mill. Av dette kr 100,063 mill. til ordinære driftsmidlar medan kr 52,9 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.

Brutto investeringar i 2017 er finansiert slik:

Nye innlån til investeringar	kr 135,35 mill.
Mva-refusjon	kr 14,713 mill.
Mottak av avdrag på utlån	kr 1,6 mill. (startlån)
Bruk av avsetningar (kap.fond)	kr 1,3 mill.

Av investeringsbeløpet vert kr 6,0 mill. sett av til vidareutlån av startlån og eigenkapitalinnskot i KLP vert budsjettert med kr 900.000,-.

**Driftsbudsjettet (+ 630 000):**

1. + kr 110 000 Dagtilbodet til heimebuande eldre, ferieopning.
2. + kr 50 000 Ferievikarar på sjukeheimen (sommarjobb for ungdom).
3. + kr 345 000 Heimetenesta. Støttekontakt og avlasting.
4. + kr 125 000 Kulturskulen. Auka dirigentressurs, Sagstad skulekorps.



Tiltaka vert finansiert ved å redusere driftsoverskotet tilsvarande (avsetjing til disposisjonsfond) (- 630 000).

#### **Tiltak finansiert av midlar frå disposisjonsfondet:**

1. Rådmannen får fullmakt til å disponere inntil kr 1 mill. av disposisjonsfondet til innkjøp av utstyr og til kompetanseheving innan feltet *omsorgsteknologi/kvardagsrehabilitering*. Rådmannen skal gi melding til formannskapet om bruken av desse midlane innan 1.7.2017.
2. Midlar frå disposisjonsfondet blir nytta til *forskottering av undergang/trafikksikring i Holmekrysset*, kr 3 mill.
3. Ny ungdomsskule/basseng - planlegging (konsekvens av økonomiplanen) + 250 000.

#### **Investeringsbudsjettet:**

Utgreiing/planlegging kyrkje/kulturhus kr 300 000.  
Finasiering: Bruk av disposisjonsfondet.

Meland kommunestyre bevilger Kr 450 000 til utbedringer/opprensning av Mjåtveittjørna og veilys i Mjåtveitflaten næringsområdet.

Pengene foreslås brukt på følgende aktiviteter.

- Rense opp i selve tjørna ved at en fjerner "flytende" myr/gjord øyer langs de naturlige kantene rundt tjørna.
- Lage gangsti rundt tjørna for ferdsel.
- Veilys i område.

#### **Verbalpunkt:**

##### **1. Lærlingar**

Kommunestyret ønskjer ei sterkare satsing på Meland kommune som lærebedrift.

Rådmannen blir beden om å vurdere ei alternativ organisering der ansvaret for lærlingeordninga blir ivaretatt av sentraladministrasjonen.

##### **2. Arena for språktrening**

Kommunestyret ber rådmannen utarbeide ein modell der organisasjonen Meland kommune tar større ansvar for språktrening.

##### **3. Industriutvikling Vest AS**

Søknaden vert å handsama i samband med revidert budsjett 2017.

##### **4. Meland sjukeheim**

Kommunestyret ønskjer å ta i bruk fleire senger ved Meland sjukeheim. Ein vil komme tilbake til dette i revidert budsjett 2017.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - C60, TI - &30	16/2166

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
86/2016	Utval for levekår	PS	06.12.2016
125/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Bibliotekplan for Meland kommune 2017-2020

### Vedlegg:

Bibliotekplan for Meland kommune 2017-2020

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Bibliotekplan for Meland kommune er under rullering. Førre planperiode var 2011–2015. Planarbeidet er festa i planstrategien for Meland kommune, og oppstart av planarbeid vart vedtatt i møte i Utval for levekår den 13.9.2016, ULK-50/2016. Planutkast vart handsama i Utval for levekår den 8.11.2016, ULK-67/2016, og planen var på eit kort offentleg ettersyn med frist 25.11.2016. Planen ligg no framme til endeleg godkjenning.

#### Vurdering

Planen tek opp i seg måla i samarbeidet *Strilabiblioteket*, styringsmåla i kommuneplanen og *Planstrategi 2016–2019*. Han tek utgangspunkt i situasjonen for dagens drift, og samstillar med tal for besøk, utlån, aldersgrupper og økonomi. Planen vil vere eit viktig arbeidsverktøy og førande dokument for drift og vidareutvikling av bibliotektilbodet i kommunen i åra som kjem.

Utval for levekår har vore styringsgruppe for planen.

Det er ikkje komme inn innspel til planutkastet til offentleg ettersyn.

#### Folkehelse

Eit godt bibliotekstilbod har positiv innverknad for folkehelsa i kommunen.

#### Miljø

Ikkje vurdert særskilt i saka

#### Økonomi

Planen i seg sjølv har ikkje konsekvensar for kommuneøkonomien, men fleire av tiltaka i handlingsdelen er avhengig av eksterne tilskot og budsjett- og økonomiplanarbeidet i åra framover.

**Konklusjon**

*Bibliotekplan for Meland kommune 2017–2020* er klar til endeleg godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner Bibliotekplan for Meland kommune 2017–2020 slik han ligg ved saka

**Utval for levekår - 86/2016****ULK - behandling:****ULK – samrøystes framlegg til vedtak:**

"Kommunestyret godkjenner Bibliotekplan for Meland kommune 2017–2020 slik han ligg ved saka."

**Kommunestyret - 125/2016****KS - behandling:****KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret godkjenner Bibliotekplan for Meland kommune 2017–2020 slik han ligg ved saka.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne		16/2829

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
87/2016	Utval for levekår	PS	06.12.2016
126/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014 - 2019 - rullering av handlingsplan for 2017

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunestyret godkjente i møte 19.2.2014 *Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019*, KS-11/2014. Planen legg opp til at ein skal rullere handlingsplanen kvart år i planperioden, som kommunen si prioritering av eigne tiltak og prioritering av spelemiddelsøknadar. Førre rullering var i 2015.

#### Vurdering

Følgjande er Meland kommune si prioritering for ordinære anlegg:

Prioritet	Anlegg	Stad	Kommentar	År
1	Grusbane, lysanlegg	Leirdalen idrettsanlegg	Kr 148 000, fornya søknad	
2	Klubbhus med rom for møte/arrangement	Leirdalen idrettsanlegg	Kr 700 000, fornya søknad	
3	Kunstgrasbane III med halloverbygg	Fossemyra idrettspark	Under planlegging	2017
4	Kunstgrasbane II – rehabilitering	Fossemyra idrettspark	Under planlegging	2017
5	Kunstgrasbane 29x49m	Vestbygd skule	Ferdig	2016
6	Skytebane, innandørs	Espetveit	Under planlegging	2018
7	Turkart		Under planlegging	2019
8	Lyssett turløype	Frekhaug	Nybygg	2019
9	Sjøsportanlegg Motocrossbane C	Flatøy Rosslund	Midtmarka planarbeid Under utbygging	2019 2016- 2017
	Løpebane	Fossemyra	Nybygg	2018
	Sandvolleyballbane	Fossemyra	Nybygg	2018
	Sykkelrampe	Fossemyra	Nybygg	2018

	Tennisbanar	Fossemyra	Nybygg	2018
	Kyststi	Varnappen- Dalstø	Nybygg/rehabilitering	2018
	Avlastingshall	Grasdøl	Nybygg	2019
	Rideveg	Kårbø	Nybygg/rehabilitering	2019
	Lyssett turløype	Vikebø	Nybygg/rehabilitering	2019
	Terrensykkelanlegg		Nybygg	2019-
	Fleirbrukshall	Meland Aktiv	Nybygg/rehabilitering	2019-

Følgjande er Meland kommune si prioritering for nærmiljøanlegg:

Prioritering	Anlegg	Stad	Kommentar	År
1	Turstiar	Holsnøy/Flatøy	Nybygg/rehabilitering	2014- 2019
2	Tuftepark/treningspark	Haltejohansvika	Under planlegging	
3	Tuftepark/treningspark/ aktivitetsanlegg	Frekhaug senter	Under planlegging	2017
4	Tuftepark/treningspark/ aktivitetsanlegg	Holsnøy meieri	Nybygg	2018
5	Frisbeegolfbane	Varnappen	Under planlegging	2017-
6	BMX	Austebygda Fritidspark	Under planlegging	2018
7	Paintballbane	Holsnøy	Nybygg	2018
8	Friluftsanlegg	Rylandsneset	Nybygg	2019
	Tursti	Håøy	Ferdig	2014
	Fiskeplass	Frekhaug	Ferdig	2014
	Ballbane	Frekhaug	Ferdig	2015
	Frisbeegolfbane	Frekhaug	Ferdig	2016
	Skatepark	Mjåtveit	Ferdig	2014
	Orienteringskart	Holsnøy	Nybygg/rehabilitering	2018
	Friluftsanlegg	Varnappen	Nybygg	2018
	Aktivitetsflate	Fossemyra	Nybygg	2018
	Fiskeplass	Frekhaug	Nybygg	2019
	Friluftsanlegg	Skjelanger	Nybygg	2019
	Ballbane	Holmemarka	Rehabilitering	2019
	Ballbane	Ådland	Rehabilitering	2019
	Ballbane	Husebø	Rehabilitering	2019
	Klatrevegg	Rosland	Nybygg	2019

Uprioritert liste:

Anlegg	Stad	Kommentar
Svømmehall med varmebasseng		Regionalt anlegg
Sjøbad		Regionalt anlegg
Kunstgrasbane	Leirdalen	Nybygg/rehabilitering

Løpebane utviding	Leirdalen	Nybygg/rehabilitering
Idrettsanlegg Ballbanar andre	Holme/Hjertås	Kunstgrasbane ferdig Nybygg/rehabilitering
Treningsanlegg Orienteringskart		Fleire under planlegging Under planlegging

### Folkehelse

Tiltaka har stor innverknad på folkehelsa i kommunen

### Miljø

Ikkje vurdert særskilt i saka

### Økonomi

Saka har ikkje konsekvensar for kommuneøkonomien. Eventuelle tiltak som kommunen kan stå for må eventuelt følgjast opp i økonomiplanen.

### Konklusjon

Franlegg til rullering av handlingsplan ligg føre.

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner rulleringa av handlingsplan for Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, slik ho ligg føre i vurderinga.

### Utval for levekår - 87/2016

#### ULK - behandling:

#### Endringsframlegg i møte frå Tom Inge Karlsen (Ap):

"At svømmehall med varmebasseng blir flyttet til prioritert liste, tas med i planleggingsarbeid og reguleringsarbeid i områder som er avsatt til offentlige formål."

#### Avrøysting:

Endringsframlegget fekk **2 røyster for** (2 Ap) og **6 røyster mot** (1 Sp, 1 Krf, 1 H, 1 Frp, 1 V, 1 MDG), og **fall**.

#### Tilleggsframlegg i møte frå Leif Johnsen (MDG):

"Følgjande punkt ønskast inn på uprioritert liste: Mindre anlegg for ro-sport/jollesegling ved sjø og vatn. Stader: Egna område ved sjø og vatn."

Tilleggsframlegget vart **samrøystes vedteke**.

**ULK - framlegg til vedtak:**

"Kommunestyret godkjenner rulleringa av handlingsplan for Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, slik ho ligg føre i vurderinga.

Følgjande punkt ønskast inn på uprioritert liste: Mindre anlegg for ro-sport/jollesegling ved sjø og vatn. Stader: Egna område ved sjø og vatn."

**Kommunestyret - 126/2016**

**KS - behandling:**

**KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret godkjenner rulleringa av handlingsplan for Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019, slik ho ligg føre i vurderinga.

Følgjande punkt ønskast inn på uprioritert liste: Mindre anlegg for ro-sport/jollesegling ved sjø og vatn. Stader: Egna område ved sjø og vatn."

**Oversendingsframlegg frå Karina Garnes Reigstad, MDG:**

Kommunestyret ber administrasjonen utgreie konsekvensar ved bruk av granulat brukt på idrettsbanar.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
John Fredrik Wallace	FE - 037	16/483

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
111/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016
127/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Eigarskap og selskapsstyring

### Vedlegg:

Eigarskapsmelding for Meland kommune 2016

Selskapsinformasjon Meland kommune 2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I samband med handsaming av selskapskontroll for MAKS AS bad kommunestyret rådmannen om å kome attende med sak om eigarstyring i Meland kommune.

Formannskapet drøfta ei uferdig skisse til eigarskapsmelding 02.03.2016. Rådmannen har ut frå dette laga forslag til ei mogeleg heilskapleg eigarskapsmelding for Meland kommune. I eit vedlegg til sjølve meldinga vert det gjeve ein presentasjon av alle selskapa som kommunen har eigarskap i aleine eller saman med andre.

Forslag til Eigarmelding for Meland kommune 2016 har følgjande hovudtema:

1. Bakgrunn for eigarskapsmeldinga
2. Kvifor eige og drive selskap
3. Omtale av dei ulike selskapsformene
4. Rollebeskriving og drøfting – eigar, styre og dagleg leiar
5. Styresamansetning, kompetanse og honorar
6. Valkomité for styreutnemning
7. Habilitet, etikk og antikorrupsjon
8. Eigarstyring og kontroll
9. Presentasjon av alle selskapa
10. Viktige vertskommunesamarbeid

Som vedlegg til «eigarmeldinga» er det gjeve nøkkelinformasjon om dei einskilde selskapa, bl.a.:

- Selskapsform
- Føremål
- Eigar og eigardel



- Styresamansetjing
- Økonomiske nøkkeltal, bl.a. omsetjing, resultat, eigardel og eigenkapital

Oversikten er avgrensa til selskap, og omfattar ikkje andre samarbeidsløysingar som blant anna vertskommunesamarbeid. Heller ikkje stiftelsar som kommunen har oppretta, eller har ei rolle i forvaltninga av, er inkludert i «eigarmeldinga».

### **Vurdering**

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

### **Konklusjon**

#### **Framlegg til vedtak:**

- A. Kommunestyret tek informasjonen om selskapa til orientering.
- B. Kommunestyret skal ein gong i løpet av valperioden i ei eiga sak få ei oversikt over selskapa som kommunen har eigarinteresser i, og trekkje opp overordna retninglinjer for forvaltning av eigarskapet.
- C. Formannskapet skal årleg få ei oversikt over dei einskilde selskapa si utvikling, og bør sørge for at kommunen si eigarrolle blir utøvd på ein heilskapeleg måte i samsvar med kommunen sine interesser.

Formannskapet bør forut for eigarmøte få anledning til å behandle spørsmål av prinsipiell karakter og drøfte val til selskapa sine styre.

Ordføraren bør være kommunen sin representant i eigarmøte.

- D. Kommunestyret sluttar seg til dei anbefalingar for forvaltning av eigarskap som går fram av forslag til eigarmelding for Meland kommune. Formannskapet bør være spesielt merksam på val av styremedlemmer slik at selskapa sine styre får ein samla kompetanse som er tilpassa selskapa sine utfordringar.
- E. Som hovudregel skal rådmannen ikkje sitje i styre for selskap der kommunen har eigarinteresser.

### **Formannskapet - 111/2016**

#### **FS - behandling:**

#### **FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

- A. Kommunestyret tek informasjonen om selskapa til orientering.

- B. Kommunestyret skal ein gong i løpet av valperioden i ei eiga sak få ei oversikt over selskapa som kommunen har eigarinteresser i, og trekkje opp overordna retninglinjer for forvaltning av eigarskapet.
- C. Formannskapet skal årleg få ei oversikt over dei einskilde selskapa si utvikling, og bør sørge for at kommunen si eigarrolle blir utøvd på ein heilskapeleg måte i samsvar med kommunen sine interesser.

Formannskapet bør forut for eigarmøte få anledning til å behandle spørsmål av prinsipiell karakter og drøfte val til selskapa sine styre.

Ordføraren bør være kommunen sin representant i eigarmøte.

- D. Kommunestyret sluttar seg til dei anbefalingar for forvaltning av eigarskap som går fram av forslag til eigarmelding for Meland kommune. Formannskapet bør være spesielt merksam på val av styremedlemmer slik at selskapa sine styre får ein samla kompetanse som er tilpassa selskapa sine utfordringar.
- E. Som hovudregel skal rådmannen ikkje sitje i styre for selskap der kommunen har eigarinteresser.

### **Kommunestyret - 127/2016**

#### **KS - behandling:**

#### **Framlegg til endring frå Øyvind Bratshaug, FrP:**

Det mangler 2 punkt i lista.

2.1. Strategisk status - Risiko/muligheter

8.1. Måloppnåelse og avvik.

Punkt C: BØR endra til SKAL

#### **Avrøysting:**

**Punkt A, B, D, og E i framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til endring pkt. C frå Øyvind Bratshaug vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsdpunkt 2.1. og tilleggsdpunkt 8.1. vart samrøystes vedteke.**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

- A. Kommunestyret tek informasjonen om selskapa til orientering.
- B. Kommunestyret skal ein gong i løpet av valperioden i ei eiga sak få ei oversikt over selskapa som kommunen har eigarinteresser i, og trekkje opp overordna retninglinjer for forvaltning av eigarskapet.

- C. Formannskapet skal årleg få ei oversikt over dei einskilde selskapa si utvikling, og skal sørge for at kommunen si eigarrolle blir utøvd på ein heilskapeleg måte i samsvar med kommunen sine interesser.

Formannskapet bør forut for eigarmøte få anledning til å behandle spørsmål av prinsipiell karakter og drøfte val til selskapa sine styre.

Ordføraren bør være kommunen sin representant i eigarmøte.

- D. Kommunestyret sluttar seg til dei anbefalingar for forvaltning av eigarskap som går fram av forslag til eigarmelding for Meland kommune. Formannskapet bør være spesielt merksam på val av styremedlemmer slik at selskapa sine styre får ein samla kompetanse som er tilpassa selskapa sine utfordringar.
- E. Som hovudregel skal rådmannen ikkje sitje i styre for selskap der kommunen har eigarinteresser.

**Tilleggspunkt:**

2.1. Strategisk status - Risiko/muligheter

8.1. Måloppnåelse og avvik.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kari Anne Iversen	FE - 044	16/2621

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
109/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016
128/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Delegasjonsreglement for Meland kommune

### Vedlegg:

Delegasjonsreglement for Meland kommune

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Delegasjonsreglement for Meland kommune vart sist vedtatt i kommunestyret 24.10.12. I samsvar med kommunelova § 39 skal delegasjonsreglementet reviderast ein gong i kommunestyreperioden. Revisjonen skal vere gjennomført innan 31. desember året etter at kommunestyret vart konstituert.

#### Vurdering

Føremålet med at kommunestyret delegerer fullmakter og mynde til rådmannen er m.a. at saksbehandling av kurante saker og den daglege drift av kommunen vert utøvd på ein effektiv måte. Rådmannen meiner at gjeldande delegasjonsreglement stettar dette behovet og har ikke funne grunnlag for å gjere framlegg om større endringar i reglementet.

Under punkt 8 – levekårsområdet er oppstillinga av aktuelle lover supplert med to lover: Pasient- og brukerrettighetsloven og helsepersonell-loven. I tillegg er det presisert at rådmannen har fått delegert mynde til å opprette driftsheimlar for fastlege og fysioterapeut, i tillegg til å tildele slike heimlar. Driftsheimlar vil alltid ha ei økonomisk side, med kostnader for kommunen, og det er då ein føresetnad at den aktuelle driftsheimelen har grunnlag i det budsjettet kommunestyret har vedtatt.

Folkehelse: Ikkje releant i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka:

Økonomi: Alle administrative vedtak må ha grunnlag i budsjett.

#### Konklusjon

Rådmannen vil rå til at delegasjonsreglementet vert vedtatt slik det ligg føre i saka.

**Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner *Delegasjonsreglement for Meland kommune*, slik dette ligg føre i saka»

**Formannskapet - 109/2016**

**FS - behandling:**

**FS - samrøystes framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner *Delegasjonsreglement for Meland kommune*, slik dette ligg føre i saka»

**Kommunestyret - 128/2016**

**KS - behandling:**

**KS - samrøystes vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner *Delegasjonsreglement for Meland kommune*, slik dette ligg føre i saka»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ingvild Hjelmtveit	FE - 033	16/2832

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
129/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Førebuaende fellesnemnd "ny kommune" - mandat

### Saksopplysningar:

Mandatet gjeld til fellesnemnd etter Inndelingslova er oppretta.

Førebels fellesnemnd skal starte opp kommunesamanslåinga gjennom å:

- Sette i gang kartleggingsprosjekt som skal vere grunnlag for vidare arbeid.  
  
Døme: IKT, dokumenthandtering, arbeidsgjevarpolitikk, personalsystem.
- Godkjenne utkast til samla framdriftsplan for samanslåingsprosessen. Framdriftsplanen vert endeleg godkjent i lovforankra fellesnemnd.
- Godkjenne utkast til budsjett for fellesnemnda si verksemd frå 2017 til og med 2019.
- Godkjenne utkast til prosjektorganisering.
- Førebels fellesnemnd skal engasjere prosjektleiar- og kommunikasjonsressurs for arbeidet fram til lovforankra fellesnemnd er etablert.
- Førebels fellesnemnd skal sjå til at regler og avtaler om tilsette og tillitsvalde si medverknad i tilhøve som gjeld samanslåing av kommunane vert ivareteken. Medlemmene i førebels fellesnemnd er arbeidsgjevar sine representantar i partssamansett utval for samanslåingsprosessen.
- Førebels fellesnemnd skal etterspørje og avklare alle prinsipielle tilhøve som gjeld samanslåingsprosessen.
- Førebels fellesnemnd kan uttale seg i saker som er til handsaming i kommunane sine ordinære utval og som fellesnemnda meiner kan ha konsekvensar for samanslåingsprosessen.

- Førebels fellesnemnd har eit spesielt ansvar for å vurdere saker med økonomiske konsekvensar og vurdere kommunane sine økonomiplanar for budsjettåret 2020 som vert vedtekne i desember 2016. Førebels fellesnemnd skal søke å oppnå konsensus i alle avgjerder.
- Prosessen for tilsetting av prosjektleiar inkludert korleis tillitsvalde skal inkluderast på ein god måte, skal handsamast av partssamansett utval. Utvalet skal handsame saker som gjeld tilhøvet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Utvalet skal gi uttale i saker som gjeld overordna personalpolitiske spørsmål, retningslinjer og planar i samband med kommunesamanslåinga

#### **Framlegg til vedtak:**

Mandatet til førebuande nemnd vert vedteke slik det ligg føre som innstilling til kommestyra. Førebuande fellesnemnd kan sette ned politiske arbeidsgrupper ved behov.

#### **Kommunestyret - 129/2016**

##### **KS - behandling:**

##### **KS - samrøystes vedtak:**

Mandatet til førebuande nemnd vert vedteke slik det ligg føre som innstilling til kommestyra. Førebuande fellesnemnd kan sette ned politiske arbeidsgrupper ved behov.

##### **Protokolltilførsel frå Øyvind Brashaug, FrP, justering 2 første punkta:**

Mandatet gjeld til fellesnemnd etter Inndelingslova er oppretta. Førebels fellesnemnd skal starte opp kommunesamanslåinga gjennom å:

- Sette i gang kartleggingsprosjekt som skal vere grunnlag for vidare arbeid. Her inngår kartlegging som dekkjer, finansielle, juridiske, tekniske og organisatoriske forhold per sektor. Hensikten er å få ein samla oversikt over kompleksitet og risiko slik at det er mulig å utvikle ein prosjektplan for gjennomføring.
- Godkjenne utkast til samla framdriftsplan for samanslåingsprosessen, basert på kartlegginginga, intensjonsavtalen og ein best mulig gjennomføringsstrategi

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ingvild Hjelmtveit	FE - 033	16/2833

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
130/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Reglement - arbeidsvilkår og godtgjersle for medlemmer av førebuande fellesnemnd

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

#### Føremål

Reglementet har til føremål å sikra medlemmar av førebels fellesnemnd kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsforteneste og dekning av reelle utgifter i samband med utøving av dette vervet, jfr. Kommunelova §§41 og 42.

Reglementet gjeld fram til fellesnemnd etter Inndelingslova er oppretta.

Krav om møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste og køyregodtgjersle må minimum sendast kvartalsvis. Dette for å få krava med i rett rekneskapsår.

#### 1. Møtegodtgjersle

Medlemmar av førebels fellesnemnd har rett til godtgjersle for møta i nemnda med kr 600,-/750,- pr. møte. Ordførarar og varaordførar som ikkje har krav på godtgjersle for verv i kommunale organ i eigen kommune har heller ikkje krav på godtgjersle i førebels fellesnemnd.

#### 2. Vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Medlemmar av førebels fellesnemnd har rett til å få utbetalt vederlag for tapt arbeidsinntekt når arbeidsgjevar har føreteke trekk i lønn, eller for utlegg til vikar. Trekk i løn skal dokumenterast av arbeidsgjevar.

Sjølvtendig næringsdrivande får dekkja tap i inntekt + sosiale utgifter av kompensert beløp, når tapet er dokumentert med oppgåva frå firma.



Dette kjem i tillegg til vanleg møtegodtgjersle.

Arbeidsgjevar som ikkje trekker arbeidstakar i løn kan krevje brutto utgifter til løn frå kommunen.

Tap og utlegg må kunne dokumenterast, og må stå i rimeleg høve til medgått møte- og reisetid. Tap i pårekna overtidsarbeid eller anna ekstrainntekt blir ikkje erstatta.

Retten til vederlag for tapt arbeidsforteneste gjeld og rimeleg kviletid for skiftarbeid / turnusarbeid.

### **3. Telefonutgifter**

Det vert ikkje gitt dekning av telefonutgifter i samband med førebels fellesnemnd.

### **4. Køyregodtgjersle**

Køyregodtgjersle blir utbetalt etter statens regulativ.

### **5. Godtgjersle til leiar og nestleiar**

Det vert ikkje gitt ein eigen godtgjersle for leiar og nestleiar av førebels fellesnemnd.

#### **Framlegg til vedtak:**

Reglement – arbeidsvilkår og godtgjersle for medlemmar av førebuande fellesnemnd – vert vedteke slik det ligg føre med kr 1.000,- i møtegodtgjersle, som innstilling til kommunestyra.

#### **Kommunestyret - 130/2016**

#### **KS - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak frå Morten Klementsens, BF:**

Medlemmene i førebuande fellesnemnd får kr 600 i møtegodtgjørelse.

#### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå rådmannen fekk 25 røyster for, (AP, H, FrP, Uavh, SP, KrF, V, MDG), 1 røyst mot (BF), og er såleis vedteke.**

**Framlegget frå Morten Klemenstsen fekk 1 røyst for, (BF), 25 røyster mot, og fall.**

**KS - vedtak (mot 1 røyst):**

Reglement – arbeidsvilkår og godtgjersle for medlemmar av førebuande fellesnemnd – vert vedteke slik det ligg føre med kr 1.000,- i møtegodtgjersle, som innstilling til kommunestyra.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Øyvind Oddekalv	FE - 033, FE - 036	16/2907

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
131/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Varamedlemmer til førebuande fellesnemnd. Suppleringsval

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Førebuande fellesnemnd for ny kommune - Lindås, Meland og Radøy, hadde sitt første møte torsdag 21.11.2016. På dette møtet vart det tatt opp at det kan gi utfordringar at det berre er eitt varamedlem til dei ulike medlemmene i nemnda frå Lindås og Meland. Dette førte til at nemnda ikkje var fulltalig på det første møtet.

#### Vurdering

Radøy har valt medlemmer ved forholdsval og har vararepresentantar på ei nummert liste. Det er viktig at det er eit tilstrekkeleg tal på varamedlemmer til nemnda, slik at ein sikrar at alle dei tre kommunane har full representasjon på dei ulike møta i nemnda.

På det første møtet i førebuande fellesnemnd vart det opna for at dei ulike partia som har vararepresentantar må kunne supplere lista over vararepresentantar slik at ein har inntil tre varamedlemmer til kvart fast møtande medlem. Det er kommunestyret i Meland som må foreta eit suppleringsval

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

#### Konklusjon

Løysinga på dette er at kommunestyret supplerer listene over varamedlemmer etter framlegg frå dei partia som har varamedlemmer.

#### Framlegg til vedtak:

## Kommunestyret - 131/2016

### **KS - behandling:**

#### **Framlegg frå partia til nummerte personlege varamedlemmer:**

KrF:	(1. Stian Lavik)	2. Marit Jøssang	3. Erling Rønnestad
SP:	(1. Per Kristian Holmetun)	2. Rune Skår	3. Morten Klementsens
H:	(1. Mabel Johansen)	2. Thomas Wallem	
FrP:	(1. Henriette Fennelly)	2. Beate Eknes	3. Sigmund Larsen
AP:	(1. Kjersti Vikebø Nesse)	2. Tom Inge Karlsen	
AP:	(1. Tormod Skurtveit)	2. Åse Sudmann	

#### **Framlegg frå Karina Garnes Reigstad, MDG til suppleringsval vara:**

- (1. Stian Lavik)
2. Silje Sæterstøl
3. Leif Johnsen

### **Avrøysting:**

**Framlegg til varamedlemmer frå partia til SP, H, FrP, AP vart samrøystes vedteke.**

**Framlegg til varamedlemmer til KrF frå Karina Garnes Reigstad fekk 8 røyster for, (2 MDG, 3 FrP, 1 uAVH, 1 V, 1 AP), 18 røyster mot, og fall.**

**Framlegg frå partiet KrF fekk 18 røyster for, (6 AP, 5 H, 3 SP, 3 KrF, 1 BF), 8 røyster mot, og er såleis vedteke.**

### **KS - vedtak:**

KrF:	(1. Stian Lavik)	2. Marit Jøssang	3. Erling Rønnestad
SP:	(1. Per Kristian Holmetun)	2. Rune Skår	3. Morten Klementsens
H:	(1. Mabel Johansen)	2. Thomas Wallem	
FrP:	(1. Henriette Fennelly)	2. Beate Eknes	3. Sigmund Larsen
AP:	(1. Kjersti Vikebø Nesse)	2. Tom Inge Karlsen	
AP:	(1. Tormod Skurtveit)	2. Åse Sudmann	

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Øyvind Oddekalv	FE - 424	16/2780

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
110/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016
132/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Rådmannsstillinga - utløp av åremål, tilsetjing vidare

### Vedlegg:

Gjeldande arbeidsavtale for rådmannen, datert 18.4.2011

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Etter arbeidsmiljølova § 14-10 kan øvste leiar i ei verksemd tilsetjast på åremål. Tilsetjingsforholdet vert då avslutta ved utløp av dato for åremålet.

Tilsetjing på åremål er også regulert i kommunelova § 24, nr 2. Det er kommunestyret sjølv som avgjer om leiande administrative stillingar skal tilsetjast på åremål. Mynde til å ta slik avgjerd kan ikkje delegerast. Ei åremålsstilling skal vere på minst 6 år.

Ingvild Hjelmtveit vart tilsett som rådmann i Meland kommune gjennom vedtak i kommunestyret 30.3.2011, sak 030/11. Tilsetjinga vart gjort på åremål, med 6 års tenestetid. Ordførar fekk fullmakt til å forhandle om løn og arbeidsvilkår.

Det vart per 18.4.2011 inngått arbeidsavtale med rådmannen, der m.a. vilkåra for åremålskontrakten vart fastsett. Kontrakten byggjer på HTA, kap. 1 pkt. 2-4 om åremålsstillingar. Sentrale punkt om sjølve åremålet var då:

- Det skal underrettast om tilsetjinga vert forlenga for ny åremålsperiode seinast eitt år før tilsetjingsforholdet fell bort.
- Tenestelutt er ved dato for utløpet av kontrakten dersom partane ikkje er blitt samde om fornying av avtalen. Formelt varsel om tenestelutt skal gjevast seinast ein måned før sluttdato.
- Arbeidsforholdet tar slutt utan forutgåande oppseiing når åremålsperioden er utløpt.

Startdato vart avtalt til 1.8.2011. Det vart også inngått årleg resultat- og utviklingsplan. Åremålstillegget vart inkludert i årsløna.

## **Vurdering**

Åremålskontrakten med rådmannen går ut 31.7.2017, og kommunestyret må difor ta stilling til kva løysing som skal veljast. Ordførar legg til grunn at det er eit vidare tilsetjingsforhold som uansett er aktuelt. Kommunestyret kan då anten tilby ny åremålsperiode eller fast tilsetjing. I *Kommuneloven med kommentarer* (Oddvar Overå/Jan Fridthjof Bernt, Kommuneforlaget 2001) går det fram av kommentarane til § 24 at det ikkje er fastsett noka sperre for at det kan tilsetjast i nytt åremål, og at det heller ikkje er noko i vegen for at ein frå eit visst tidspunkt kan gå over til eit fast tilsetjingsforhold.

Ordførar vil i den aktuelle situasjonen rå til at åremålskontrakten for rådmannen i Meland vert gjort om til eit fast tilsetjingsforhold, med verknad frå 1.1.2017. Overføringa vert gjort med bakgrunn i dei løns- og arbeidsvilkår som gjeld p.t.

Saka vart drøfta med formannskapet på budsjettkonferansen 12. november og var oppe i tilsetjingsutvalet 21. november. Dei tillitsvalte sluttar seg til den foreslåtte løysinga.

Ordførar, varaordførar og Silje Sæterstøl vart av formannskapet peika ut til å forhandle løn med rådmannen i juni-møtet. Det vert gjort framlegg om at desse får fullmakt til å utarbeide ein endeleg arbeidsavtale for rådmannen.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

## **Konklusjon**

### **Framlegg til vedtak:**

1. Rådmann Ingvild Hjelmtveit får omgjort åremålsstillinga som rådmann til fast stilling frå 1.1.2017.
2. Gjeldande løns- og arbeidsvilkår blir vidareført i den nye avtalen. Ordførar, varaordførar og Silje Sæterstøl får fullmakt til å utarbeide endeleg arbeidsavtale.

### **Formannskapet - 110/2016**

#### **FS - behandling:**

#### **FS – samrøystesframlegg til vedtak:**

1. Rådmann Ingvild Hjelmtveit får omgjort åremålsstillinga som rådmann til fast stilling frå 1.1.2017.
2. Gjeldande løns- og arbeidsvilkår blir vidareført i den nye avtalen. Ordførar, varaordførar og

Silje Sæterstøl får fullmakt til å utarbeide endeleg arbeidsavtale.

### **Kommunestyret - 132/2016**

**KS - behandling:**

#### **Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 25 røyster for, (6 AP, H, FrP, Uavh, SP, KrF, V, MDG, BF), 1 røyst mot, (AP), og er såleis vedteke.**

#### **KS – vedtak (mot 1 røyst):**

1. Rådmann Ingvild Hjelmtveit får omgjort åremålsstillinga som rådmann til fast stilling frå 1.1.2017.
2. Gjeldande løns- og arbeidsvikår blir vidareført i den nye avtalen. Ordførar, varaordførar og Silje Sæterstøl får fullmakt til å utarbeide endeleg arbeidsavtale.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ingvild Hjelmtveit	FE - 233, FE - 223	16/2492

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
133/2016	Kommunestyret	PS	14.12.2016

## Satsar for tilskot til barn i private barnehagar 2017

### Vedlegg:

Tilskot til private barnehagar i 2017-fastsetjing av satsar

### Saksopplysningar:

Kommunestyret i Meland vedtok i møte 09.11.2016, sak 99/16 satsar for driftstilskot pr barn i dei private barnehagane i budsjettåret 2017. Vi syner til den tidlegare saksutgreiinga men kjem her med korrigererte opplysningar som påverkar utrekninga av satsar.

Grunnlaget for utrekning av tilskot til private barnehagar er rekneskap i den kommunale barnehagen 2 år før budsjettåret. For satsane i 2017 gjeld tal i rekneskapen for 2015. Rekneskapstala skal oppjusterast med kommunal deflator til 2017-prisnivå. I tillegg skal vi i utrekninga ta omsyn til satsar for kapitaltilskot og satsar for maksimum foreldrebetaling som departementet fastset.

I sak om utrekning av minimum tilskotssatsar i 2017 for Meland kommune er det gjort to feil som gjer at minimumssatsane er fastsett for høgt. Litt av dilemmaet for ein kommune er at forskrifta for lik handsaming av kommunale og private barnehagar pålegg kommunen å fatte vedtak om satsar for neste år, seinast 31. oktober. Opplysningane vi treng frå utdanningsdirektoratet for å gjere ei rett utrekning og eit rett vedtak kjem for seint til å vi kan rekke denne fristen.

- a. Kommunal deflator for 2016 er i statsbudsjettet for 2017 justert ned frå 2,7% til 2,6%. For 2017 er deflatoren 2,5%. Vi hadde ikkje fått med oss endring i deflatoren for 2016.
- b. Satsane for foreldrebetaling per barn er auka frå kr 29.205,- i 2016 til kr 30.030,- i 2017. Endringa kom 13. oktober og vart publisert på nettsida til Utdanningsdirektoratet (Udir). Dette var etter at saka var skriven, og såleis hadde vi ikkje fått med oss endringa når satsane vart rekna ut.

Begge punkta over gjer at satsane vert lågare enn kva vi har rekna med i budsjettframlegget og kva som er lagt til grunn i vedtak om satsar for 2017, i sak 99/2016, i kommunestyret 9. nov. 2016. Dette fører til følgjande endringar i satsane (minimumsberekening) for driftstilskot per barn:

Små barn 0-2 år: frå kr 180.108,- korrigert til kr 178.950,-  
Store barn 3-6 år: frå kr 85.702,- korrigert til kr 84.600,-



Om ein legg korrigererte minimumssatsar til grunn i budsjettet for 2017 vert tilskotssatsane totalt kr 650.000,- lågare enn i rådmannen sitt framlegg basert på same pårekna barnetal som i budsjettframlegget.

Kommunestyret må avgjere om dei vil endre vedtaket i sak 99/2017 og redusere tilskotsbeløpet i budsjettframlegget til minimumssatsane eller oppretthalde vedtaket om satsar.

### **Vurdering**

Det er sjølvstøtt svært beklageleg at rådmann legg fram ei sak som byggjer på feil faktum. Dei nye opplysningane om deflator og foreldrebataling var kome kommunen i hende før både formannskapsmøte og kommunestyremøte. Opplysningane burde difor vore retta, slik at vedtaket vart rett.

Når dette ikkje vart gjort meiner rådmann det er rett å la kommunestyret vurdere saka på nytt i lys av dei oppdaterte opplysningane.

Hadde Meland kommune hatt god råd ville det ikkje vore ei stor sak om private barnehagar fekk eit tilskot litt over minimumssatsar. Satsane er uansett ikkje unormalt høge og pengane kjem vel med. På den andre sida er budsjettet for 2017 stramt og vi har måtta foreslå kutt som smertar på mange område. Det er mange behov som ikkje vert dekte godt nok i framlegg til budsjett. Det er difor viktig at kommunestyret er bevisst den prioriteringa dei gjer.

Det endelege tilskotet for kvar einskild barnehage vil vi ikkje vite før vi har barnetal pr 15. desember. Men ut frå vedtekte satsar for 2017 har barnehagane kunna lage prognosar på inntekter i budsjettet for 2017, basert på venta barnetal. Endra tilskotssatsar vil difor venteleg bli oppfatta negativt blant dei private barnehagane.

På den andre sida er kr 650 000,- som vi har rekna skildanden til, ein ikkje ubetydelig sum i Meland kommune.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

### **Konklusjon**

Kommunestyret må vurdere om dei vil stå på vedtaket frå 9. november, eller justere med satsane for tilskot pr barn i dei private barnehagane.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret opprettheld sitt vedtak i sak 99/16 om slike tilskotssatsar pr barn for barnehageåret 2017:

Små barn 0-2 år kr 180 108  
Store barn 3-5 år kr 85 702,-«

## **Alternativt vedtak**

«Kommunestyret justerer barnehagesatsane for 2017 i samsvar med justert deflator og vedteken sats for foreldrebetaling. Nye justerte satsar vert då:

Små barn 0-2 år kr 178 950,-  
Store barn 3-5 år kr 84 600,-«

## **Kommunestyret - 133/2016**

### **KS - behandling:**

Fredrik Seliussen vart erklært inhabil i saka og gjekk frå.

Steinar Erstad tok sete.

### **Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå rådmannen fekk 19 røyster for, (7 AP, 5 H, 3 SP, 3 KrF, 1 MDG), 8 røyster mot, og er såleis vedteke.**

**Alternativt framlegg til vedtak frå rådmannen fekk 8 røyster for, (3 FrP, 1 Uavh, 1 MDG, 2 V, 1 BF), 19 røyster mot, og fall.**

### **KS – vedtak (mot 8 røyster):**

Kommunestyret opprettheld sitt vedtak i sak 99/16 om slike tilskottsatsar pr barn for barnehageåret 2017:

Små barn 0-2 år kr 180 108  
Store barn 3-5 år kr 85 702,-

### **Sigmund Larsen, FrP kom med følgjande protokolltilførsel:**

Kommunestyret ber om at administrasjonen setter i verk tiltak slik at vi ikke kommer i lignende situasjon.

Ørjan Kristian har meldt frå om at han stiller som Uavhengig representant.

Det vart røysta over om Ørjan Kristiansen skulle redegjere for kvifor han meldte seg ut av FrP og stiller som Uavhengig.

**10 representantar (3 FrP, 1 Uavh., 2 V, 1 SP, 2 MDG, 1 BF)røysta for at Ørjan Kristiansen skulle redegjere for utmeldinga, 17 røysta mot, og fall.**

I starten av møtet tok Ørjan Kristiansen opp SAK om UDU kunne gjere vedtak i saka om flytting av Blom fiskeoppdrett. Ørjan Kristiansen ville at Kontrollutvalet skulle sjå på om det var gjort sakbehandlingsfeil ved at ikkje saka var handsama i kommunestyret.

Beate Eknes ønskte at saka skulle takast opp i kommunestyret.

Ørjan Kristiansen gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmål om kommunestyret skal handsama sak om flytting av Blom fiskeoppdrettsanlegg.

**Avrøysting:**

**Kommunestyret erklærte Ørjan Kristiansen habil mot 3 røyster (2 AP, 1 SP).**

**Framlegg frå Øyvind Oddekalv, AP:**

Saka om flytting av Blom fiskeoppdrett vert sendt til Kontrollutvalet for uttale om saksbehandlingsfeil. Kommunestyret ber Kontrollutvalet om å vurdere om saka skulle vore handsama i kommunestyret.

**Avrøysting:**

**Det vart samrøystes vedteke å sende saka til kontrollutvalet.**

**Det vart røysta over om saka vert å ta direkte opp i kommunestyret.**

**Dersom 1/3 av kommunestyret krev det, kan saka sendast direkte til kommunestyret.**

**Det var 6 som røysta for å sende saka direkte til kommunestyret (3 FrP, 1 Uavh, 1 BF, 1 SP).**

Saka vert å sende Kontrollutvalet for vurdering